



# Aukra kommune

## Planomtale

for

## Kommuneplanen sin arealdel

2016-2028



Arkivsak	2012/89	
PlanID	201403	
Vedtatt	XX.XX.XXXX av XXXXXXXX	
Forslag ved	<input type="checkbox"/>	Offentlig ettersyn, 26.05.2015 og 15.06.2016
	<input type="checkbox"/>	Sluttbehandling, dato



## Innhald


Innleiing.....	5
1. Bakgrunn og føremål.....	7
2 Rammer og premiss for planarbeidet.....	7
2.1 Lovgrunnlaget.....	7
2.2 Overordna retningslinjer og føringar .....	8
2.3 Lokale føringar.....	8
2.3.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel.....	8
2.3.2 Planprogrammet .....	8
2.3.3 Folketalsstatistikk og framskrivning.....	9
3 Planprosessen .....	10
3.1 Organisering og medverknad.....	10
3.1.1 Innspel .....	11
3.1.2 Vurdering av innspel .....	12
4 Utfordringar og viktige problemstillingar .....	12
4.1 Bustadbygging i Aukra.....	13
4.1.1 Kapasitetsvurdering.....	13
4.2 Lokalisering av byggjetiltak.....	13
4.2.1 Attraktive bumiljø.....	13
4.2.2 God arealøkonomi .....	14
4.2.3 Trafikktryggleik og transport .....	14
4.2.4 Landskap, natur og miljø.....	14
4.2.5 Landbruk .....	14
4.2.6 Infrastruktur.....	14
4.2.7 Samfunnstryggleik.....	14
4.2.8 Spreidd busetnad i LNF-område .....	15
4.3 Nærings- og regionutvikling.....	15
4.4 Regionutvikling .....	15
4.5 Vegsamband .....	16
4.5.1 Otrøy - Gossen.....	16
4.5.2 Ny kryssløysing v/Fanghol, Julsundet .....	17
4.6 Utvikling av kommunesenteret Falkhytten.....	18
4.6.1 Sentrumsutvikling .....	19



4.6.2	Offentlege tenesteområde.....	19
4.6.3	Bustadutvikling .....	20
4.6.4	Trafikk .....	20
4.6.5	Senking av fylkesveg 220.....	21
4.6.6	Gangsystem.....	21
4.6.7	Friområde .....	21
4.6.8	Framtidsvisjon – forslag til hovudgrep .....	22
4.7	Julsundet sentrum.....	24
4.7.1	Sentrumslokalisering.....	24
4.7.2	Regionalt samarbeid med Søre Fræna – Jendem.....	26
4.7.3	Offentlege tenesteområde.....	26
4.7.4	Bustadutvikling .....	27
4.7.5	Trafikkavvikling .....	28
4.7.6	Gangsystem.....	28
4.7.7	Friluftsområde .....	28
4.7.8	Framtidsvisjon for Julsundet - hovudgrep .....	28
4.8	Kulturminne .....	31
4.9	Forvaltning av strandsona.....	31
4.9.1	Framtidig strandsoneforvaltning i Aukra .....	31
4.9.2	Fastsetting av strandsona i Aukra.....	31
4.9.3	Utfordringar og hovudgrep i strandsona.....	32
4.10	Landbruk (LNF) og spreidd bustadbygging.....	33
5	Planforslaget.....	35
5.1	Planområde i arealplanen.....	35
5.1.1	Bygningar og anlegg.....	36
5.1.2	Fritidsbusetnad/hytter .....	36
5.1.3	Naust.....	36
5.1.4	Sentrumsføremål .....	36
5.1.5	Kombinert bygg og anlegg .....	38
5.1.6	Næringsverksemd .....	38
5.1.7	Det vert lagt opp til ein auke på om lag 70 dekar for næringsareala på Gossen, medan det på Julsundet er venta at næringslivet kan utvikla seg innanfor dei allereie avsette areala. Forretningar .....	38
5.1.8	Offentleg og privat tenesteyting.....	38



5.1.9	Fritids- og turistføremål.....	38
5.1.10	Råstoffutvinning.....	38
5.1.11	Idrettsanlegg.....	38
5.2	Samferdselanlegg og teknisk infrastruktur .....	38
5.2.1	Nye vegføringar .....	38
5.2.2	Parkering .....	38
5.3	Grønstruktur .....	38
5.4	Områder for forsvaret .....	39
5.5	Landbruks-, natur- og friluftsføremål.....	39
5.5.1	LNF-soner i kommuneplanen for Aukra 2015-2027 .....	39
5.5.2	LNF-spreidd bustadbygging (LNFS).....	39
5.6	Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone.....	40
5.6.1	Småbåthamner .....	40
5.7	Omsynssoner (jf. pbl. § 11-8) .....	40
5.7.1	Fare-, sikrings- og støysoner (jf. PBL § 11-8, bokstav a) .....	40
5.7.2	Sone med særlege omsyn (jf. PBL § 11-8, bokstav c).....	41
5.7.3	Bandleggingssone (jf. PBL § 11-8, bokstav d) .....	41
5.8	Sone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde (jf. PBL § 11-8, bokstav f) .....	41
5.8.1	Bustadområde som vert teke ut av planen .....	42
5.9	Reguleringsplanar som skal opphevast .....	42
5.10	Reguleringsplaner som framleis skal gjelde .....	42
6	Vurdering av verknadane av planforslaget.....	42
7	Utbyggingsavtaler .....	43
8	Temakart .....	43





## Innleiing

Aukra kommune har vore gjennom ei rivande utvikling sidan kommuneplanen sin arealdel vart godkjent sist. Gjennom etableringa av ilandføringsanlegget for gass på Nyhamna har kommunen fått store eigedomsskatteinntekter som har lagt grunnlaget for mange og store utbyggingsprosjekt i kommunen. Forventningane til vidare utvikling er store. Revisjon av arealdelen har derfor høg prioritet.

Gjeldande arealdel til kommuneplanen vart vedteken i Aukra kommunestyre den 21.06.06, sak 49/06, med oppfølgingsvedtak den 06.09.06, sak 55/06.

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i kommunestyret den 16.06.11 i sak 44/11. Samfunnsdelen konkretiserer overordna mål for kommunen og fire satsingsområde for planperioden:

- Bygdeutvikling
- Nærings- og regionutvikling
- Tettstad og areal
- Nivå på kommunale tenester


Mål og satsingsområda i samfunnsdelen har vore grunnlaget for planprogrammet som vart laga for revideringa av arealdelen. Planprogrammet vart godkjent i kommunestyret den 21.06.12 i sak 69/12. Rammene og utfordringane i planprogrammet blir omtala i følgjande kapittel.


Sidan arealdelen vart godkjent i 2006, har Plan- og bygningslova vore gjennom ein stor revisjon. Ny plandel gjeld frå 01.06.09. Endringane har gjort at planarbeidet no har vorte meir omfattande enn sist. Den nye lova har auka fokus på samfunnstryggleik og risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS), klima, folkehelse, strandsoneforvaltning, universell utforming og medverknad. Det skal til dømes gjennomførast ei konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarhetsanalyse for alle nye areal som er tilrådd omdisponert til utbyggingsområde i den nye arealdelen, uansett storleik.

I tillegg er det forventningar om at planarbeidet skal ta regionale omsyn.

Planforslaget som no ligg føre omfattar:


- Planomtale.
- Plankart. Plankart er juridisk bindande og slår fast den framtidige arealbruken.
- Føresegner. Føresegnene er juridisk bindande krav til arealbruk og planlegging, retningslinjene er rettleiande.
- Konsekvensutgreiing (KU) med risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS). Del 1 omfattar overordna analyse på kommunenivå. Del 2 gjeld kvart einskilt forslag til arealbruksendring og er samstundes ein oversikt over private og offentlege innspel til ny arealbruk.
- Risiko- og sårbarhetsanalyse 2014.
- Temakart.






Aukra - full av energi

Figur 1 Aukra kommune - planområdet





Aukra – full av energi

Figur 2: kart over Aukra kommune - landdelen

## 1. Bakgrunn og føremål

"Kommunal planlegging har til formål å legge til rette for utvikling og samordnet oppgaveløsning i kommunen gjennom forvaltning av arealene og naturressursene i kommunen, og ved å gi grunnlag for gjennomføring av kommunal, regional, statlig og privat virksomhet.". Plan- og bygningslova § 3-3.

## 2 Rammer og premiss for planarbeidet

### 2.1 Lovgrunnlaget

Kommuneplanen er heimla i plan- og bygningslova § 11-5, første ledd:

"Kommunen skal ha en arealdel for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk".

Vidare står det i pbl § 11-5, andre ledd:

"Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivare tatt".

Kommuneplanen sin arealdel tek opp føremål iht. pbl § 11-7 punkt 1-6. Dei juridiske føresegnene i planen og plankartet er knytte opp mot desse arealføremåla, og er juridisk bindande. I tillegg til plankartet og føresegnene er det utarbeidd retningslinjer og temakart. Desse er ikkje juridisk bindande, men skal brukast til å gi forståing av arealbruken og det rettslege innhaldet. Datagrunnlaget for temakarta er i jamleg endring, og det er viktig at det sist gjeldande



datagrunnlaget nyttast ved bruk. Retningslinjene signaliserer korleis kommunestyret vil at politiske utval og administrasjonen skal følgje opp planen i si sakshandsaming.

## 2.2 Overordna retningslinjer og føringar

Det finst ei rekkje nasjonale og regionale planar, retningslinjer, føringar og forventningar som Aukra kommune må retta seg etter i kvardagen, ved planlegging og i forvaltning. Desse er lista opp i vedteke planprogram. Kommuneplanen sin arealdel, med planomtale og føresegner, er utarbeidd innanfor desse rammene.

## 2.3 Lokale føringar

Kommuneplanen sin arealdel er ein felles arena for avklaring av arealpolitikken innanfor alle sektorar.

Plangrunnlaget frå dei lokale føringane er:

- Kommuneplanen sin arealdel, godkjent 21.06.06
- Kommunedelplan for Nautneset- Falkhytten- Hukkelberg, godkjent 03.04.08
- Næringsplan for Aukra kommune, Aukra næringsforum 16.06.11
- Kommuneplanen sin samfunnsdel, godkjent 16.06.2011
- Reguleringsplanar
- Kommunedelplan, trafikktrygging 2000 – 2010
- Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2009 – 2012
- Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS) 2014

### 2.3.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel

I kommuneplanen sin arealdel skal samfunnsdelen sine mål og strategiar omsetjast til juridisk bindande arealbruk og føresegner.


I det følgjande vert dei arealpolitiske satsingsområda lyfte fram som eit grunnlag for arealstrategiske val. Det vert lagt opp til å konkretisere og operasjonalisere kommuneplanen gjennom ulike handlingsplanar, einskilde prosjekt og ikkje minst gjennom den årlege budsjett- og økonomiplanen. Tiltak for å gjere Aukra meir attraktiv som bukommune, må gjennomførast i samarbeid med andre offentlege organ, næringsliv, kulturliv, foreiningar og innbyggjarar. "Aukra – full av energi" utfordrar alle til å bidra til å nå måla.

I denne planomtalen er det fokusert på bustadbygging, fritidshus, naust og tilhøvet til spreidd bustadbygging og strandsone. Overordna mål og strategiar (sjå innleiing) knytte til nærings- og regionutvikling og nivå på kommunale tenester må handsamast i egne planar utanom kommuneplanen sin arealdel.

### 2.3.2 Planprogrammet

Program for planprosessen med kommuneplanen sin arealdel blei, etter høyring vedteke som sak 2011/873- 53, den 21.06.12. Planprogrammet gav rammer og premisser for planarbeidet, organisering av arbeidet, og det fokuserte på følgjande trong for analysar og utgreiingar:

1. Tettstadanalyse
  - a. Falkhytten
  - b. Julsundet / Hollingen










Største veksten er forventa i aldersgruppa over 40 år (40-60 år: ca. 250 fleire i 2030 i høve i dag. Aldersgruppa +70 er forventa å auke med 235 personar i 2030 (56%)). Auking av tal på barn 0-12 år er forventa auka med ca. 45-55 personar fram til 2030 (størst vekst etter 2020).



Figur 2 Folketalsprognose – Norconsult 2013

Utviklinga i folketalet er avhengig av kommunen sin attraktivitet og utvikling i bustad- og arbeidsmarknaden. Kommunen har høve til å påverke utviklinga i innbyggjartal, til dømes med å legge til rette for bulyst og næringsutvikling.

Eit midlare estimat for folketalsutviklinga:

År	Julsundet	Gossen
2020	1087	2687
2013	848	2538
<b>Vekst i perioden</b>	239	149

Som det kjem fram av prognosen, vil ca. 60 % av veksten i folketalet kome på Julsundet. På Julsundet er det relativt lite areal og ein utfordrande topografi. På Julsundet er det i hovudsak private aktørar som står for tilrettelegginga av bustadmassen.

På Gossen trur ein veksten blir noko lågare enn på Julsundet. Det må likevel leggjast til grunn at optimisme i samband med bygginga av ny fylkesveg mellom Gossen og Oterøya kan gi større bustadbygging på Gossen.

### 3 Planprosessen

#### 3.1 Organisering og medverknad

Alle kommunar skal ha ein kommuneplan med ein samfunnsdel og ein arealdel, jamfør plan- og bygningslova (PBL) § 11-1 og § 11-5. Kommunestyret i Aukra har delegert til formannskapet å



vore planutval med ansvar for framdrift og innhald i kommuneplanarbeidet. Formannskapet har vore jamleg orientert om framdrifta og det faglege innhaldet.

Eining for plan og utvikling har hatt det praktiske ansvaret for planarbeidet. Frå 2013 vart det kjøpt delarbeid knytt til planprosessen frå ulike konsulentar: Utgreiing om urbant jordskifte (til mogeleg bruk for utbygging av hyttefelt), avkøyringssanering og nye kryssløysingar i Julsundet og ny risiko- og sårbarhetsanalyse for Aukrasamfunnet. Frå medio 2014 har hovudarbeidet med planen vore kjøpt frå Rambøll AS i samarbeid med arkitektkontoret BBW i Molde. Planarbeidet har vore samordna av plansjefen i Aukra. Rambøll AS har leia planarbeidet frå Trondheim og firmaet har brukt sine fagfolk ut over landet etter som det har vore naudsynt. Samarbeidspartner frå arkitektkontoret BBW i Molde, Rambøll AS og fagansvarlege frå Aukra har møttest jamt i videomøte. Denne samordninga har vore svært nyttig og effektiv for planarbeidet.

Planprosessen har vore gjennomført på følgjande måte:


- Annonsering gjennom media, oppstart vår 2012
- Bruk av kommuneavisa, orientering om arbeidet
- Opne grendemøte, i Julsundet og på Gossen
- Møte med råd og utval: Ungdomsrådet, Rådet for personar med nedsett funksjonsevne, Eldrerådet, Gossen bondelag
- Møte i samarbeid med grendautvalet i Julsundet om avkøyringssanering langs fylkesveg 662 og ny kryssløysing ved Julsundet skule.
- Kontakt med større samfunnsaktørar som Shell (Nyhamna) og forsvaret.
- Planforummøte i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune der kommunen frekk møte alle regionale styresmakter og nabokommunane og mottok tilbakemelding på planarbeidet (september 2014).

Etter første høyring:

- Møte med grendautvalet i Julsundet, den 17.06.2015
- Synfaring, Fylkesmannen i Møre og Romsdal, den 10.07.2015
- Planforummøte, Fylkesmannen i Møre og Romsdal m. fl., den 30.09.2015
- Møte med Statens Vegvesen, den 21.04.2015
- Møte med Fylkesmannen i Møre og Romsdal, den 27.05.2016

### 3.1.1 Innspel

Heilt sidan førre arealdel var godkjent i 2006, har administrasjonen samla på innspel til revidering av arealdelen. Størstedelen av innspela kom etter at planarbeidet vart meldt starta i 2012. Det kom inn til saman 57 innspel til ny eller endra arealbruk. Av desse er 51 frå private, medan administrasjonen har kome med 6 forslag. Hovudsakleg var dette forslag til nye bustadområde eller naustareal. Ein god del av forslaga gjeld mindre område for naust eller bustad i LNF-område.





Figur 3 Oversikt over innkomne innspel

### 3.1.2 Vurdering av innspel

Alle innspela er konsekvensutgreidde og vurderte i høve risiko og sårbarhet. Det vert vist til konsekvensvurderingsheftet for meir informasjon.


## 4 utfordringar og viktige problemstillingar

Arealdelen legg til grunn at følgjande gjennomgåande tankegang skal gjelde for alle typar planlegging, inkludert arealplanlegginga:

- Eit mangfaldig samfunn med attraktive bumiljø og god arealøkonomi
- God folkehelse
- Eit trygt samfunn, med god trafikktryggleik
- Berekraftig utvikling
- Universell utforming

Planen legg vidare opp til følgjande satsingsområde:

- Bygdeutvikling
- Nærings- og regionutvikling
- Tettstad og areal





## 4.1 Bustadbygging i Aukra

Det er fullført ca. 23-27 bustadar pr. år i kommunen dei siste 10 åra. Den landfaste delen av kommunen har hatt ei sterkare bustadutvikling enn på Gossen.

Bustadbygginga har vore som følgjer:

- Gossen – ca. 8-10 bueiningar pr. år over lengre tid.
- Julsundet – ca. 15-20 bueiningar pr. år. Her er det aukande press.

Forventa trong i planperioden er rekna til å bli i overkant av 200 nye bueiningar. Ca. 3/5 av desse vil kome på Julsundet, truleg 15-20 bueiningar/år på Julsundet og 8-10 einingar pr. år på Gossen.

### 4.1.1 Kapasitetsvurdering

Status over ledig kapasitet i godkjente planer viser totalt ca. 50 bustadar. Desse fordeler seg slik:

- Falkhytten (sentrumsområdet): 7
- Grender : 39
- Spreidd : 0
- Julsundet – liten (nær null –)

Innmeldte ønske i samband med kommuneplanarbeidet har ein kapasitet på 120-170 einingar.

Desse fordeler seg slik:

- Falkhytten (sentrumsområdet): 80
- Grender: 2
- Spreidd: 50
- Julsundet: 34

Ein har vurdert kvar folk ønskjer å busetje seg i høve til situasjonen ved førre rullering av kommuneplanen sin arealdel.

På Gossen synest det som om innmeldte, nye planar i sentrumsnære område, vil dekke bustadtrongen i komande planperiode utan store konflikstar med tanke på natur og miljø, samordna areal og transport, kulturmiljø, landskap og jordvern.

På Julsundet vil ein med dei innmeldte planane, få ei underdekning. Kommunen vil derfor utvide areala til bustadutvikling på Julsundet i den komande perioden.


## 4.2 Lokalisering av byggjetiltak

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det laga føringar for å satse på bustadbygging i sentrale strok som Falkhytten og Julsundet, utan at det skal setje til sides høve for etableringar utanfor tettstadene.

Det er derfor gjort særskilte vurderingar knytte til områda Falkhytten og Julsundet og for område med løyve til spreidd bustadbygging.

### 4.2.1 Attraktive bumiljø

Utvikling av gode sosiale miljø, strukturar og møteplassar er viktig for å ta vare på gode kvardagsrelasjonar. Meir folk tiltrekkjer seg meir folk og auka attraktivitet. Fleire får ta del i





fasilitetar som er lagt til rette (torg, stiar, møteplassar etc.). Næringslivet har eit betre vurderingsgrunnlag for etablering og drift.

#### 4.2.2 God arealøkonomi

Normalt vil utbygging i sentrumsområde gi ein høgare utnyttingsgrad enn i spreiddbygde strok. Slik sett er sentrumsnær utbygging god arealøkonomi. Det er også god kommunal økonomi, då tilrettelegging og etablering av infrastruktur kan delast på fleire brukarar.

#### 4.2.3 Trafikktryggleik og transport

Det må vere eit mål å halde transportarbeidet så lågt og så sikkert som mogeleg. Dette har klare miljømessige verknadar og effekt på klimautviklinga. Vegsystema på Aukra, og særleg sør på Gossen er i liten grad utbygd med gang- og sykkelveggar. Hovudvegane kan enkelte stadar også vere smale og uoversiktlege. I ein slik samanheng er barn sine oppvekstvilkår og høve for eigentransport til skule eller fritidsaktivitetar viktig.

#### 4.2.4 Landskap, natur og miljø

Dersom bygginga vert vridd frå spreidde område til sentrumsområde, vil presset på viktige naturområde, naturmangfald, viktige landskapsmiljø, strandsone, kulturminne og kulturmiljø bli redusert.

#### 4.2.5 Landbruk


Det er både ei nasjonal og lokal målsetting å sikre dyrka og dyrkbar jord mot nedbygging. Ved satsing på utvikling av sentrumsområde vil nokre landbruksområde, som også kan vere store og vel arronderte, stå i fare for å måtte byggast ned. Spreidd bustadbygging vil normalt ha lågare utnyttingsgrad, dvs. større tomter og vil dermed krevje meir areal. Ein bør unngå spreidd bustadbygging på dyrka eller dyrkbar mark, eller lokalisert på ein slik måte at det oppstår driftsulemper.

#### 4.2.6 Infrastruktur

Kommunen har eit ansvar for trygg og sikker vassforsyning til befolkninga. For store delar av kommune er sløkkevasskapasiteten 20 l/s. Dette set grenser for kor stor byggeaktivitet ein kan tillate. Vidare har kommunen ansvar for at avløpssystem vert godkjende i høve utsleppskrav. Mange private enkeltanlegg gjev dårleg samfunnsøkonomi. Slike anlegg er likevel naudsynte i spreidde område, der kommunen ikkje har bygd ut leidningsnett.

#### 4.2.7 Samfunnstryggleik

Kommunen har et ansvar for folk sin tryggleik. I det ligg eit ansvar for ikkje å tillate byggjetiltak i område der det kan oppstå fare for skred, ras, flom, stråling etc. Utbygging må derfor lokaliserast til trygge område.





#### 4.2.8 Spreidd busetnad i LNF-område

Det vert lagt opp til å tillate spreidd busetnad etter følgjande kriterium:

Nr.	Hovudgruppe	Omtale	Om byggjetiltak
1	Naturmiljø	Viktige områder for naturmangfald	Skal unngåast
		Strandsone	Skal unngåast
2	Landskap		Skal innpassast
3	Kulturminne og -miljø		Skal unngåast
4	Landbruk	Dyrka eller dyrkbar jord	Skal unngåast nedbygd
		Driftsmessige ulemper	Skal unngåast
5	Infrastruktur	Tilkomsttilhøve	Må dokumentere god og sikker løysing
		GS-Veg/fortau fram til buss, grend eller sentrumsområde	Prioriterast
		Vatn og avlaup	Godkjende løysningar blir kravde i kvar einskild sak. Prioritet blir gjeve til tiltak som kan knytast til offentleg anlegg
6	Risiko	Risikoområde i høve helse og miljø	Plassering av bygg må skje i samsvar med plan- og bygningslova sitt krav om tryggleiksvurderingar. Tillèt ikkje tiltak i fareområder for ras, skred, flom, steinsprang etc.
7	Busetnad	Trong for arealeffektive løysingar, likevel skal gode og attraktive bumiljø utviklast.	Tomtestorleik ved spreidd bustadbygging; maks 1,5 dekar.
		Plankrav	Ved ny bygging av 3 bustader eller fleire, bygd samstundes og som ligg naturleg saman med mindre avstand enn 100 m, skal det lagast reguleringsplan

Aukra – full av energi


#### 4.3 Nærings- og regionutvikling

I Aukra er det eit mangfaldig næringsliv. I tillegg til primærnæringa, handel og turisme (spreidd lokalisert), er dei største enkeltaktørane innan industri knytte til verksemdene på Nautneset, Nyhamna og Rindarøy.

Vidare satsing på Nyhamna og Løvika inneber trong for utbetra vegtilkomstar, etablering av kai med tilhøyrande manøvreringsrom for båtar.

#### 4.4 Regionutvikling

Aukra kommune har på fleire område eit samarbeid med nabokommunane og regionale mynde. Veksten i folketalet på Julsundet og Søre Fræna tilseier at det er naudsynt å utvikle dette samarbeidet vidare. Særleg er dette knytt til utviklings- og lokaliseringsspørsmål innanfor offentlege tenestar, skulesamarbeid og den planlagde regionale idrettsparken i Åsdalen, Julsundet.



Etterkvart som vegsambanda kjem på plass, vil det kunne utviklast ny trong for relasjonsutvikling og samarbeid på tvers av kommunegrensene. Aukra kommune er derfor positivt innstilt til regionalt samarbeid knytt til tenester og arealbruk.


## 4.5 Vegsamband

### 4.5.1 Otrøy - Gossen

Det er utarbeidd ein eigen kommunedelplan for vegsambandet mellom Otrøya og Gossen. Utviklinga skjer i regi av Kjerringsundet AS, og sambandet er planlagt realisert i løpet av planperioden. Fastlandssambandet, Møreaksen, vil, om realisert, gi sterkare tilknytning til nabokommunane og særleg til regionsenteret Molde.

Reguleringsplanen for Kjerringsundet blir gjennomført parallelt med kommuneplanarbeidet. Det vart i første del av planarbeidet laga to hovudalternativ som gjeld Aukra. Alternativ 1 er hengebru og alternativ 2 er ein viadukt over grunnare vatn. Berekna kostnader til prosjektet er store. Det er utført ein uavhengig kostnadsreduksjonsprosess som føreslår ei justert teknisk løysing av alternativ 1. Det blir samstundes med godkjenninga av kommuneplanen sin arealdel innført mellombels bygge- og deleforbod for å sikre fullføring av detaljplanlegginga.

Kommunen har vurdert ulike løysingar for vegføring etter landing på Aukratangen. Det er konkludert med at ein av både økonomiske og trafikksikringsmessige grunner må føre vegen heilt fram til Hukkelberget. Ei løysing der trafikken blir leia inn på eksisterande fylkesveg rundt Aukratangen, vil krevje store oppgraderingar av denne vegen og vil medføre at store areal må ervervast. Denne kostnaden vil være høgare enn ny veg heilt fram til Hukkelberget.



Figur 4 Alternative trasear over Kjerringsundet

Ved Hukkelberg skal ny veg knytast mot eksisterande vegsystem. Utfordringa her er eksisterande busetnad i tilknytingspunktet. For å sikre ei optimal linjeføring har ein valt å leggje ei





rundkøyning i tilknytingspunktet. Løysinga inkluderer gode gangssystem. Løysinga inneber at ein bustad vert ramma av tiltaket.

*To alternative bruløysingar og framføringar vert fremja i planforslaget*

#### 4.5.2 Ny kryssløysing v/Fanghol, Julsundet

I samarbeid med Statens vegvesen (SVV) er det utarbeidd ei plan for sanering/avvikling av avkøyrslar til fylkesvegen. Samstundes må ein skilje kryss utbetrast. Av desse kryssa er krysset ved Fanghol det krysset som har gjeve størst utfordringar. For dette krysset har SVV sett krav om utbetring før planforslaget for Svingen kan vedtakast. Det same vil gjelde for innspelet som gjeld Matberget. Det er og sett krav om gangveg eller fortau langs kommunale vegar, og ein må og søke å få utbeta busslommene.

For å kunne tillate utbygging av nye bustadområder rundt dette krysset, har det vore naudsynt å gjere nokså detaljerte vurderingar. Det er laga to alternative forslag. Det eine forslaget er planskilt, medan det andre alternativet viser kryssing i plan. Forslaga er omtala under.

Konkret planløysing må finnast gjennom detaljplanlegging.


##### 4.5.2.1 Planskilt kryssing med utvida undergang

Dersom dagens undergang framleis skal nyttast, ligg det føre krav om utbetring av denne. Kulverten må utvidas både i breidde, i lengde og i høgda. Denne utvidinga legg premissa for tiltaka som er naudsynte for å kome i mål. Verkinga er at ein må senke vegbanen i kulverten med ein meter, og heve køyrebanen på fylkesvegen med ein meter. Dette får konsekvensar for vegane rundt.

Samla sett er dette den beste løysinga for trafikkavviklinga i området.

Det er berekna ein entreprisekostnad på denne

løysinga på 42 mill. kroner eks. mva.



Figur 5 Kryss Fanghol, alt 1




#### 4.5.2.2 Forenkla løysing med kryssing i plan

To T-kryss, eit frå kvar side av fylkesvegen, der påkøyring til fylkesvegen skjer frå begge køyreretningane. Ein vel her å nytte eksisterande undergang til fotgjengarar og syklande, samstundes som undergangen kan nyttast for lokaltrafikk mellom områda aust for og vest for fylkesvegen. Større køyrety må køyre via fylkesvegen når dei skal til og frå området.

Det vil være naudsynt å betre sikta mot syd når 80 km/t er dimensjonerande fart.

Denne løysinga er trafikkfagleg god, men ikkje så optimal som alternativ 1.

Truleg vil denne løysinga kunne gjennomførast for om lag 34 mill. kroner eks. mva.



Figur 6 Kryss fanghol, alt 2

#### 4.6 Utvikling av kommunesenteret Falkhytten


Falkhytten er kommunesenteret i Aukra kommune. Kommunesenteret har ikkje lang historikk og låg tidlegare på Aukrasanden.

Falkhytten sentrum er plassert rundt krysset mellom Fylkesveg 220 og 216. Kommunesenteret er i ein fase med tettstadsplanlegging og regulering av delområde.

Ny skule stod ferdig i 2013 og er plassert nært inntil sentrumsområdet. Det er helsesenter og hotell i sentrum, men få butikkar. Rundt det sentrale sentrumsområdet ligg nokre dagligvarebutikkar med tilkomst frå fylkesvegane.




Figur 7 Falkhytten sett mot aust med nytt skuleanlegg i venstre del av biletet



### 4.6.1 Sentrumsutvikling

Kommunesenteret har hatt et tettstadsprogram og fleire utviklingsprosjekt gåande dei siste åra. Nokre viktige funksjonar har etter dette blitt ein del av det framtidige sentrumsbiletet:

- Ny skule har blitt bygd i nordlege del av sentrum
- Kulturhus/basseng er blitt regulert inn i sentrumskjernen
- Trafikknutepunkt er planlagt i sørlege del
- Ny lokalisering for eit omsorgssenter er under planlegging i vestre del av sentrumsområdet
- Utvidingar av bygg med ambulansesentral og energisentral




Figur 8 Vidare utvikling av Falkhytten

### 4.6.2 Offentlege tenesteområde

Rådhuset ligg sentralt inn til torgområdet og skulen ligg inntil sentrumsområdet. Nytt omsorgssenter er under planlegging i vestre del. NAV, lensmannskontor og bank ligg og innanfor sentrumskjernen. Kulturhus og basseng er planlagde i det sentrale sentrumsområdet for å oppnå eit meir aktivt sentrum og ha nærleik til skulen.

Forretningsområda er spreidd og ligg rundt sentrumskjernen og på begge sider av FV 220 og FV 216. Eit mindre forretnings- og næringsareal ligg eit stykke nord for sentrum. Det inneheld bensinstasjon og nokre få kontor- og forretningslokale.



Figur 9 Planlagde bygg i sentrum (brun), trafikkterminal i sør


Det er ønske om å leggje til rette for ei utviding av sentrumsarealet på vestsida av FV 220 med god gangtilkomst over vegen. I dette området er det ein uoversiktleg bakketopp. Det er tidlegare lagt fram planar om senking av vegen gjennom sentrum for å betre samanhengen mellom områda vest og aust for fylkesvegen. Denne løysinga ønskjer kommunen skal inngå i kommuneplanen. Trygg kryssing over fylkesvegen mellom bustadområda og den nye skulen vil og bli løyst ved senking av vegen.

Aukra – full av energi

### 4.6.3 Bustadutvikling

Det har over tid blitt lagt til rette for bustadområde aust for sentrumsområdet og desse områda har hatt ei jamn utbygging dei siste åra. Dei nye områda har kort avstand til sentrale funksjonar etter RPR (rikspolitiske retningslinjer) for samordna areal- og transportplanlegging. Nye bustadområde bør derfor leggjast som ei utviding av desse og mellom anna nytte den opparbeidde infrastrukturen.

Det er i bustadplanlegginga trong for ungdomsbustadar, eldrebustadar/omsorgsbustadar og ein meir sentrumsnær konsentrert busetnad med leilegheiter for å ha eit variert bustadtilbod.



Figur 10 Soneinndeling av prioriterte område for bustadbygging på Gossen etter RPR for samordna areal- og transportplanlegging

### 4.6.4 Trafikk

Trafikksituasjonen med FV 220 gjennom sentrum har lenge vore ei problemstilling. Vegstrekket har ein bakketopp, dårleg sikt, ei farleg avkøyrsløse frå aust og dårlege høve for gåande og det er trong for ei forbetring. Trafikksituasjonen er derfor ei prioritert sak for sentrumsutviklinga med mål om å binde dei austlege areala betre saman med sentrumsområdet.


Det er i kommunedelplanen lagt opp til rundkøyringar i nord, sør og vest for sentrumsområdet. Dette bør vidareførast i kommuneplanen for ei tydeleg avgrensing av sentrumsområdet og for ei forbetring av trafikksituasjonen.

Innregulert trafikknutepunkt vil forbetre kollektivtransportløysingane.



Figur 11 Trafikkløysingar rundt sentrum og gangsamband til sjøen

#### 4.6.5 Senking av fylkesveg 220



Figur 12 Skisse som viser moglege senking av FV 220

Moglege løysing med senking av FV 220 gjennom sentrum: 3% fall/stigning, overhøgde lokk min 5,6 m. Bredde ca. 100 m eller 45/50 m i eit sentralt felt.

Fylkesveg 220 nordover gjennom sentrumsområdet er ei barriere som er forsterka med bakketoppen ved avkøyringa til Bunnpris m. fl. Bakketoppen er sikthindrane både for køyrande og gåande som kryssar vegen i dette punktet. I trafikktrykingsplanen er det poengtert at kryssingsproblemet for gåande skal løysast. Skulen opna hausten 2013 og vegkryssinga er ei aktuell problemstilling med bustadområde og skule på kvar si side av fylkesvegen.

I tillegg til dei trafikale problemstillingane er det eit ønske frå kommunen å sjå på ei løysing som bind sentrum saman, for ein meir fleksibel bruk av areala mellom forretningane på austsida og området rundt det planlagde kultur/bassengbygget.

Tidlegare løysing føreslo å senke vegen 1,2 m. Dette vil gi ei gangbru som kryssingsløysing for gåande, men vi meiner dette er for lite senking av vegen for å oppnå ei god samanbinding av areala.

Forslag til kommuneplanen er å leggje eit «lokk» over vegen på dagens terrengnivå på 50-100 m lengd. Dagens avkøyrsløse til Bunnpris m. fl. kan få køyretilkomst frå nord og sør frå etablerte vegar.

#### 4.6.6 Gangsystem

Gangvegane følgjer i dag hovudvegstrukturen, og det er eit godt utbygd gangvegnett langs hovudvegane i området, men få gode kryssingspunkt. Ei tydeleg gangline frå sentrumsområdet til sjøen er ønskeleg, og denne vil vere eit funksjonelt grep for å skape betre tilknytning mellom sentrum og sjøen.

Turvegnettet i området treng ei tydelegare rute for å oppnå samanbindande ganglinjer rundt i nærområdet og mot aktivitetsområda. Det må leggjast inn nye turstiar i områda som får ny bruk, t.d. småbåthamna og områda rundt denne.

Elles bør det leggjast inn turstiar som snarveg og god tilkomst til friområda.

Nokre av turstiane ned mot sjøen kan følgje eksisterande gardsvegar.

#### 4.6.7 Friområde

Avsett friområde ved sjøen aust for sentrum, er viktig å få lagt til rette som eit offentleg aktivitetsområde i planperioden. Dette området er det mest tilgjengelege friområdet ved sjøen for bebuarar rundt sentrum. Her ligg det også god til rette for badeplass.

Området vest for friområdet bør vere eit ope areal for god visuell kontakt frå sentrumsområdet/bustadområda og til sjøen.


#### 4.6.8 Framtidsvisjon – forslag til hovudgrep

Falkhytten er kommunesenteret, kommunen sitt midtpunkt for administrative tenester og andre viktige funksjonar for kommunen sine innbyggjarar. Tettstaden treng ei tydeleggjering av si rolle i den vidare utviklinga av sentrumsområdet. Dette gjeld både avgrensing av vegsystemet rundt sentrumsområdet, arkitektoniske føringar for nye bygg og kvalitetsnivået på uteromma.


Kommunesenteret er ein møtestad både for tilreisande og fastbuande, og for å redusere bruk av bil bør det vere kort veg mellom sentrale funksjonar i kjerneområdet og til bustadområda rundt.

#### Forslag til nye område og tiltak:


- Trafikkforbetring gjennom sentrum med senking av FV 220 og trygg kryssing.
- Oppretting av område/lokk i sentrum over FV 220 som nytt sentrumsareal.
- Oppretthalde omlegging av FV 216 (kommunedelplanen) og stenge vestre del av FV 216 der denne går i dag.
- Sentrumsområda i nord og aust bør endrast med betre tilpassing til framtidig sentrumsareal.
- Oppretting av tydelege gangliner mellom sentrumsområdet og sjøen.
- Nye bustadområde i aust mellom dagens bustadområde og vegen langs sjøen.
- Nye bustadområde nord for sentrumsområdet.
- Leggje til rette for eit ope område med grønstruktur i aksen mellom sentrum og friområdet ved sjøen.
- Leggje til rette for ein framtidig ny veg til Nautneset industriområde. Løysing i eit kortare tidsperspektiv er utretting av sving (veg. alt 1).
- Flytting av småbåthamna på Nautneset og utviding av naustområde sør for «hotelltomta» / areal til erverv i kommunedelplanen.




Figur 13 Forslag til endring av arealbruk i kommuneplanen basert på kommunedelplanen



Figur 14 Falkhytten - gjeldande kommuneplan



Figur 15 Falkhytten - ny kommuneplan



### 4.7 Julsundet sentrum

Julsundet er den landfaste delen av Aukra kommune. Området har hatt sterk bustadetablering dei siste åra og er i praksis blitt ein forstad til Molde, der dei fleste i Julsundet har sin arbeidsstad.

Forventa utvikling i folketalet i Julsundet i perioden 2015-2027:

År	Julsundet
2020	1087
2013	848
<b>Vekst i perioden</b>	<b>239</b>

Det er prognoser på at ca. 60 % av veksten i folketalet i Aukra kommune vil kome i Julsundet. Med eit større innbyggjartal vil det bli større forventningar om tenestetilbod i nærområdet.

Julsundet grendautval har kome med innspel til utbyggingsområde og ønska endringar som er blitt vurderte under kommuneplanarbeidet.




Figur 16 Julsundet


Aukra – full av energi

#### 4.7.1 Sentrumslokalisering

Julsundet har blitt ei av dei mest tettbygde grendene i Aukra kommune og med sterkast vekst. Området treng å få avklart eit meir definert sentrumsområde der det kan etablerast framtidige varierte tenestetilbod. Eit sentrumsområde som kan tilby sentrale møteplassar, enkelte offentlege tenestetilbod på grunn av lang avstand til Falkhytten og nærhandel.



Figur 17 Funksjonsanalyse over sentralt område i Julsundet og Jendem






**Område 1 - skuleområdet:** Dei fleste aktivitetane skjer i dag i området rundt Julsundet skule. Gymnastikksalen på skulen har samfunnshusfunksjon. Gamle Fanghol skule ligg sør for skulen og er i dag i bruk som ungdomsaktivitetshus. Som sentrumsområde er ikkje denne lokaliseringa optimal. Området har eit kupert og krevjande terreng, under og over fylkesveg nivå, og med avgrensa høve for utvidingsareal. Det er vanskeleg å etablere visuell kontakt mellom små utbyggingsområde og tilrettelegging for krav til universell utforming. Landbruksareal og bustadar ligg tett inntil skuleområdet. Avkøyrsla frå fylkesvegen er ikkje optimal som eit sentrumskryst som skal kommunisere til tilreisande. Visuelt ligg området til dels utan innsyn frå fylkesvegen på begge sider.

**Område 2 - v/kryss i nord:** I området rundt kryss til ferjeleiet er det etablert eit kontorbygg sørvest for krysset og lettare industri nord for krysset. Det er planlagt ei rundkøyring i krysset. Ny butikk ligg inne i reguleringsplanen nordaust for industriområdet. Området er flatt og oversiktleig for køyrande frå sør og nord. Det er innspel om å nytte areal sør for forretningsområdet som kan innpassast i eit sentrumsområde. Rundkøyringa kan på sikt utvidast til 4-armar som gir høve for utviding i areal aust for rundkøyringa.

**Område 3 - Jendem i Fræna kommune:** Området har eit variert tilbud av funksjonar som innbyggjarane nyttar i dag. Samspel mellom desse og funksjonar i Julsundet er eit viktig moment for å lykkast med stadsidentitet og eit vel fungerande sentrumsområde.

Område 1 og 2 er viktige "tyngdepunkt" i Julsundet i dag og i framtida. Uavhengig av kva område som blir valt å leggje vekt på som framtidig sentralt område i kommuneplanarbeidet må områda knytast betre saman visuelt og med lette gangliner for brukarane.



Figur 18 Analyse over moglege utviklingsområde i Julsundet sentrum

#### 4.7.2 Regionalt samarbeid med Søre Fræna – Jendem


Julsundet og Jendem ligg nært lokalisert med bustadområde tett inntil på kvar side av kommunegrensa. Områda fungerer i dag som ein stad med felles aktivitetar som idrett, butikk, barnehagar, ungdomsskule mm. Planarbeidet legg opp til ei sterkare tilknytning mellom dei to grendene for sambruk av enkelte funksjonar i det sentrale overgangsområdet i kommunegrensa:

- Idrettsanlegg i Åsdalen
- Kapelltomt
- Helsesenter/omsorgsbustadar
- Butikk
- Utvida industri/næringsareal
- Turstiar til felles utfartsområde
- Rundkøyning – eit trafikkavviklingspunkt og stadfesting av eit sentralt område kring denne.

#### 4.7.3 Offentlege tenesteområde

Det er i dag barnehage og skule i sørleg del av Julsundet, lettare industri i nordre del og diverse tilbud for møteverksemd, mellom anna ungdomsklubb. Nye tilbud er under planlegging både i nord og i sør rundt skuleområdet, eit fleirbrukshus v/skulen, eit idrettsanlegg og butikk m.m. i nordre del. Skulen er under utviding og det er der rekna med kapasitet til venta auke i folketalet.

Det er ønskje å sette av meir framtidig offentlig areal, både til ein omsorgsbaser med enkelte helsetenester, framtidig forretning- og industriareal og andre offentlege tenester som kan bli aktuelle i planperioden.




Figur 19 Plassering av omsorgstenester (O1), kapelltomt (O2)

#### Kapelltomt

Det er kome innspel med ønskje om å sette av eit område for kapell i Julsundet frå Aukra sokn. Område for kapell/kyrkjelydshus med tilknytning til eit mogeleg areal for gravplass, vil også vere eit tilbud for innbyggjarane i Jendemområdet og bør derfor ligge sentralt plassert.

Det er vurdert 2 område for aktuelle plasseringar:

- Alt. 1: Område aust for fylkesvegen/framtidig rundkøyning
- Alt. 2: Området nord for Bergetippen barnehage og eksisterande bustadar.



**Tomt alternativ 1:**


- Tomta har ei sentral plassering mellom bustadområda i Julsundet og på Jendem.
- Mogeleg med ei visuelt sterk plassering av kapellbygget og ei skjerma plassering av ein eventuell gravplass.
- Det er lett tilkomst for køyrande frå framtidig rundkjøring.
- Det må opparbeidast gangtilkomst for kryssing av fylkesvegen og/eller gang- og sykkelveggar til undergangane nord og sør for tomta.



Figur 20 Lokaliseringsforslag ny kapelltomt

**Tomt alternativ 2:**

- Tomta ligg nært skule- og aktivitetsområda i Julsundet.
- Lett tilkomst frå gangvegssystem med undergang under fylkesvegen.
- Vanskeleg avkøyrslø. Trafikk gjennom skuleområdet er allereie stor. Ny avkøyrslø frå fylkesvegen vert lite truleg akseptert av Vegvesenet, og det er få alternativ til plassering av avkøyrslø pga. terreng og kryssforhold.
- Lågt terreng gjer ei sentral visuelt god plassering av bygnaden vanskeleg. Området ligg svært lågt, og eit bygg må mest truleg ligge på eit høgdedrag nært opptil landbruksområdet for å kome på høgde med fylkesvegen.



Figur 21 Vurderingsskisse for lokalisering av kapell

Etter ei vurdering av tilhøva rår vi til at **tomtealt. 1** vert lagt inn som framtidig tomt til kapell/kyrkjeldshus m/gravplass.

**4.7.4 Bustadutvikling**

Bustadutviklinga har vore sterk i Julsundet, og nye område er blitt utvikla i tillegg til fortetting av eksisterande område. Det er, etter innspel, valt å leggje vekt på enkelte nye sentrale bustadområda i tillegg til dei områda som er i gang i ein reguleringsprosess. Dei nye områda har kort avstand til sentrale funksjonar etter RPR for samordna areal- og transportplanlegging.

Dei nye sentrale områda kommunen vil prioritere er:

- Torhaugmyra vest
- Matberget
- Hollingen
- Svingen (under regulering)
- Mevold syd

Det er trong for tilrettelegging for ungdomsbustadar, eldrebustadar/omsorgssenter og ein meir konsentrert busetnad for å ha eit variert bustadtilbod.

#### 4.7.5 Trafikkavvikling

Trafikksituasjonen i bygda har lenge vore ei sentral problemstilling med farlege avkøyrslar og høg fartsgrense. Det er i samband med kommuneplanarbeidet utarbeidd ei saneringsløyising for avkøyrslene. Kryss og avkøyrslar skal utbetrast med nye gangvegar og undergangar og vil bli ytterlegare utbetra med realisering av ein del tiltak som ligg inne i saneringsplanen.

Krysset ned til ferjekaia er eit sentralt punkt for vidare planlegging. Tryggleik for mjuke trafikantar, tilkopling til tomt for kapell og gravplass (O2) rett aust for krysset, areal til mogeleg utviding av fylkesvegen og fylkesvegen sin transportfunksjon er viktige tema å få planlagt. Før O2 kan takast i bruk må arealbruken i området klarleggjast gjennom ein områdeplan, jamfør føresegnene § 7.1 b). Trafikken til ferjekaia vil på sikt reduserast når sambandet mellom Midsund og Gossen og Møreaksen frå Oterøya til Julbøen er etablert. Trafikken gjennom Julsundet vil då bli mindre og planlegginga må ta høgde for at dette kan bli ein framtidig situasjonen for sentrumsområdet.

#### 4.7.6 Gangsystem

Gangvegane følgjer i dag hovudvegstrukturen og har 2 undergangar under fylkesvegen. Det er planlagt 2 nye undergangar i nordlege del; ved framtidig rundkøyring og ved det nye idrettsanlegget.

Ganglinene mellom skuleområdet og det nye idrettsområdet må vere trygge slik at det ikkje oppstår snarvegar.


Turvegnettet er godt etablert austover mot fjellområda. Enkelte stiar bør leggjast om, både for å lette situasjonen rundt private gardstun og for å tilpassast nye utbyggingsområde.

Turstiane ned mot sjøen følgjer mest gardsvegar fram til naustområde og stisystem vidare ut til nesa.

#### 4.7.7 Friluftsområde

Terrenget rundt Julsundet er bratt med få store opne område. Det er kort veg ned til friareal langs sjøen og etablerte stiar til friluftsområde mot fjella i aust. Torhaugmyra er det største opne området utanom jordbruksområda, men dette har ikkje eit etablert stinett og er noko myrete. Tilstanden kan tenkjast betra som følgje av planlagd bustadbygging på Torhaugmyra.

#### 4.7.8 Framtidsvisjon for Julsundet - hovudgrep





Julsundet vil med aukande folketal få krav om ein stadsidentitet. Det er i arbeidet med dette viktig å sette av areal til eit framtidig "tyngdepunkt" i området mellom Fanghol i sør og Torhaugmyra i nord der kommunen kan legge til rette for nye tiltak.

Ein stadsutviklingsstrategi for Julsundet sentrum må vere klart nedfelt i kommuneplanen.


Julsundet treng eit sentralt område som kan opplevast som staden sitt midtpunkt og som kan bli ein møtestad både for tilreisande og fastbuande. Fastbuande bør ha kort veg til sentrale funksjonar og møteplassar utan bruk av bil.

Området rundt Julsundet er svært kupert i møtet mellom fjell og hav. Sørlege del av Julsundet har utfordringar med tilpassing av offentlege funksjonar i eit krevjande terreng. Dette gjer det vanskeleg å etablere eit større sentrumsområde med lett tilgang og som samstundes er visuelt ope.


#### Forslag til nye sentrale område og tiltak:

- Trafikkoppyrdding/kryss-sanering, rundkøyring, gangvegar, buss mm.
- Gjere tydeleg område 1 som området sitt sentrumstyngdepunkt. Fleire forretningsfunksjonar, oppgradering med sentrumspreg, møteplassar, kapell mm.
- Område i sørlege del av område 1 endrast frå LNF til Sentrumsføremål eller offentleg / . privat tenesteyting som ei utviding av eksisterande forretningsområde. Kan nyttast til variert føremål, til dømes ei sentral omsorgs- og helseteneste.
- Utvikling av areal på austsida av fylkesvegen med 4-arma rundkøyring. Kapelltomt m.m.
- Avgrense utviklinga rundt område 2 utover tiltak som er starta opp (fleirbrukshus mm). Sette av nok areal til skule og barnehage.
- Endring av føremål vest for fylkesvegen i område 2 frå bustad til offentleg / privat tenesteyting, kommunale bustadar, ungdomsbustadar. Kan også vere gjeldande føremål, men spesifisere type bustadar i føresegnene.
- Område S1 i eksisterande arealdel går ut.
- Nytt kryss er naudsynt.


God gangveglinje mellom område 1 og 2 På sikt bør det leggjast gangvegar på begge sider av fylkesvegen fram til eit eventuelt nytt område aust for fylkesvegen og vidare fram til idrettsanlegget.



Figur 22 Julsundet - Gjeldande kommuneplan



Figur 23 Julsundet - Forslag til ny kommuneplan





## 4.8 Kulturminne

Aukra kommune er rik på kulturminne, både automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid. Minna etter 2. verdskrigen har ein særskild status då mesteparten av Gossen var under førebuing som strategisk flyplass for den tyske okkupasjonsmakta. Aukra kommune er i gang med ein eigen kulturminneplan, og krigshistoriedelen er ferdig. Kulturminna vil etter kvart få omtale og status gjennom kulturminnearbeidet. Saman med turistsatsing og folkehelseiltak kan kulturminna auke opplevingskvalitetane for eigne innbyggjarar og besøkande. Kulturminna er på mange måtar ein ikkje-fornybar ressurs som treng særleg omtanke og handtering i samfunnsplanlegginga. Det er ønskeleg at arbeidet med kulturminneplanen dokumenterer og føreslår tiltak for forvaltning og vern. Slike tiltak, og særleg der det er snakk om arealmessige konsekvensar, vil det vere naturleg å presenterte i kulturminneplanen. Tiltaka kan seinare takast med som innspel til framtidige revisjonar av kommuneplanen sin arealdel.

Automatisk freda kulturminne er i denne planen vist i eit eige temakart med omsynssone H 730 og H570, og det er knytt bindande føresegnar til sonene. Arbeid gjennom kulturminneplanen kan leggje grunnlag for naudsynte innspel til seinare revisjon av arealdelen. Føresegnene viser elles til undersøksplikta etter kulturminnelova og til bruk av fagdatasett som grunnlag for planlegging og byggsakhandsaming.

## 4.9 Forvaltning av strandsona

### 4.9.1 Framtidig strandsoneforvaltning i Aukra

Strandsona har i uminnelig tid vore avgjerande for levesettet i området. Sona er nytta til næring, busetjing og som opphaldsstad for folk. Området er ei viktig overgangssone mellom sjø og land for mange arter i naturen. I Aukra vil ein og i framtida ha ein aktivt bruk av strandsona. Det er derfor viktig å ha eit medvite og framtidsretta regime for forvaltninga av denne sona.


I plan- og bygningslova frå 1985 var 100-metersbeltet ei generell grense med særlege restriksjonar i høve til bygging og ålmenta sine rettar. Grensa var ganske statisk og tok lite omsyn til etablert bruk og naturgjevne tilhøve, som gjerne kunne krevja ei langt breiare sone enn 100 meter. Plan- og bygningslova frå 2008 med føresegnar og tilhøyrande statlege retningslinjer, gir no kommunane høve til ei lokal vurdering av forvaltninga.

I kommuneplanen for Aukra 2015-2027 vert det derfor lagt opp til å utvikle ein tilpassa politikk for strandsoneforvaltninga. Dette må skje innanfor rammene av "Rikspolitiske retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen".

Ein gjennomgang av strandsona i Aukra inneber dermed ei justering av 100-metersbeltet ut frå tilhøva på staden. Byggjeforbodssona mot sjø kan derfor få ei meir tydeleg og handterbar grense, ei grense som det er lettare å få forståing og respekt for.

### 4.9.2 Fastsetting av strandsona i Aukra

Ny strandsona er nokre stadar mindre enn 100 meter og nokre stadar breiare enn 100 meter. Innanfor sona vert det sett grenser for kva som er tillate gjennom føresegnene til kommuneplanen. Arealbruken i strandsona kan variere, men i Aukra vil bruken i hovudsak vere LNF-føremål.





Ei lokal tilpassa strandsone med byggje- og deleforbod mot sjø, byggjer på dette og er vurdert lokalt tilpassa ut frå følgjande:

- Eksisterande hovudvegnett i avstand frå kyststripa dannar ofte ei naturleg grense.
- Dramatiske brekk eller endringar i topografi dannar gjerne ei naturleg grense for kystnært og øvre/indre område.
- Eksisterande busetnad/tiltak – særleg samlingar der desse går helt ned til sjøen. Her følgjer byggjeforbodssona i hovudsak eigedomsgrense for tomt, eller område ein kan forstå er næraste tomt rundt busetnad.
- Regulerte område. I desse vert det sett krav til planløyising mot sjø.
- Sjønære verneområde eller naturtypar som er registrerte i naturleg sone frå kyststripa, inngår i byggjeforbodssona.

I ny strandsone blir det generelt ikkje gjeve løyve til byggjetiltak eller til å dele eigedom.

#### 4.9.3 Utfordringar og hovudgrep i strandsona

Det blir naudsynt å halde på eit strengt forvaltningsregime i Aukras nye strandsona. Nedanfor er dette omtala nærare.

##### 4.9.3.1 Spreidd bustadbygging

Spreidd bustadbygging i LNF-sona vert handsama som eit eige tema (LNFS), og det vert lagt opp til at spreidd bustadbygging innanfor strandsona skal vere forbode. Strandsonevernet er eit allemannsgode som i minst mogeleg grad skal privatiserast.

##### 4.9.3.2 Fritidsbusetnad

I kommuneplanen vert det lagt opp til at spreidd fritidsbusetnad ikkje skal tillatast, og derfor heller ikkje innanfor strandsona. Dette betyr at nye fritidshus skal byggjast etter godkjent reguleringsplan. Dette gjeld også rorbuer der desse er fritidshus og ikkje er del av godkjent turistanlegg.


##### 4.9.3.3 Småbåthamner

Aukra kommune har ikkje laga ein heilskapleg plan for småbåthamner. Likevel har ein i kommuneplanarbeidet vurdert dei innspela som har kome og sett desse i samheng med allereie etablerte småbåthamner. Kommunen har også på eige initiativ vurdert andre, meir tilpassa plasseringar (for eksempel Løvika).

Innanfor strandsona vert det lagt opp til at nye småbåthamner skal regulerast og lokalisert i tråd med kommuneplanen sin arealdel. I reguleringsplanane må det visast løyising for tilkomst og landdel. Det må gjerast greie for kapasitet, nedslagsområde (brukarar), handsaming av mogelege ureiningskjelder, samt utgreiing av verknadar i høve strandsona for natur, landskap, fri ferdsel for ålmenta, og ureining.

##### 4.9.3.4 Naust

Det er en sterk nausttradisjon i Aukra. Bruk av naust har i nokon grad endra seg frå tradisjonelle båthus til oppbevaring av alle former for utstyr, opphald og også til overnatting. Naust for overnatting er per definisjon ikkje naust, men fritidshus. Naust er å rekne som uthus.







For nye tiltak med meir enn 3 naust eller der nye naust skal ha tilkomstveg, heilt eller delvis, vert det føreslått å krevje reguleringsplan med krav til innhald som for småbåthamner (sjå over). Ein må i tillegg setje krav til utgreiing for vald plassering, storleik og utforming, og alternativsvurdering for plassering, særleg med tanke på lokalisering saman med næraste etablerte naust. Planen må også gjere greie for naudsynte tiltak i sjø.

Dersom tiltaket gjeld realisering av gamle umatrikulerte naustrettar, vil kommunen i utgangspunktet krevje at desse vert lokaliserte saman med etablerte naust, gjennom friviljuge avtalar eller eventuelt med bruk av jordskifteinstituttet.

#### 4.9.3.5 Urbant jordskifte

Planprogrammet viser til eit tema der kommunen vil søke ny kunnskap. *Kan ein ut frå nylege endringar i jordskiftelova finne om desse saman med plan- og bygningslova kan brukast til å fordele utgifter og inntekter i samband med etablering av hyttefelt slik at det kan oppstå eit grunneigarsamarbeid?* Det nye temaet i jordskiftelova er kalla urbant jordskifte. Alle i eit definert område får då del i inntektene og utgiftene frå tomtesalet. Vi unngår at nokre får alle inntektene medan resten må stille opp med friluftsområde som ikkje gir inntekt. Utbyggingspresset minkar.

Tilrådinga frå innleidd konsulent var dessverre ikkje eintydig. Det er usikkert om ein overordna plan (kommuneplanen sin arealdel) er tent med detaljerte føresegner om fordeling av slike inntekter og utgifter. Det er mogeleg at kommunen i arealplanssamanheng kan vere betre tent med generelle føringar om at ein innanfor fastsette omsynssoner i framtidige reguleringsplanar, kan/skal setje vilkår om fordeling av arealverdiar og kostnader (pbl. § 12-7 nr. 13).

Dette synest å vere ein pragmatisk framgangsmåte for ei betre samla arealplanlegging, også for å motverke konsekvensane av planskapte verdiendringar. (Til dømes endring frå LNF –sone til hyttefelt).

#### 4.10 Landbruk (LNF) og spreidd bustadbygging

Kommuneplanen for 2015-2027 legg til rette for vekst og utbygging i område av kommunen der det frå fører lagt eit grunnlag gjennom etablering av infrastruktur. Dette signaliserer at utbyggingspresset på natur- og landbruksressursane utanfor desse områda skal vere lågt. Utviklinga her skal i størst mogeleg grad skje på primærnæringa sine premisser. Dette er i samsvar med nasjonal jordvernpolitikk, uttrykt i St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Om rikets miljøtilstand, der det heiter at:*

«Regjeringa vil:

- Halvere den årlige omdisponeringen av de mest verdifulle jordressursene innen 2010.
- Stimulere kommunene til å utpeke kjerneområder for landbruk som grunnlag for kommunale planavklaringer.
- Stimulere til regionale planprosesser i by- og tettstedsområder, der det trekkes langsiktige jordverngrensar.
- Arbeide for å redusere avgangen av dyrket mark til samferdselstiltak.»


Landbruks- og matdepartementet la 2. desember 2011 fram melding nr 9 til Stortinget (2011 – 2012). I meldinga vert det mellom anna sagt at det er viktig med et sterkt jordvern og at det er viktig å ta i bruk verkemiddel i plan- og bygningslova for å sikre dyrka mark for framtidige



generasjoner. Gjeldande RPR for samordna areal- og transportplanlegging (1993) inneheld signal som er viktige for jordvernet.

Målsettinga er å avgrense omdisponeringa av jordbruksjord. Kommunane har ei svært sentral rolle med å ivareta nasjonale og regionale jordvernomsyn gjennom planlegging og forvaltning etter plan- og bygningslova.

Aukra kommune har difor vurdert matproduksjonspotensialet og laga ei omsynssone, der dyrka og dyrkbar jord skal prioriterast. I slike områder ynskjer ein ikkje omdisponering til anna bruk.





## 5 Planforslaget

### 5.1 Planområde i arealplanen

I det følgende vert det gjort greie for dei føremåla som er i forslaget til arealplan. Oversikta viser type arealbruk, tal på slike areal og samla areal for arealtypen.


Samla arealbruk i planforslaget er utgjert 461857,31daa og er fordelt slik:

§11-7. Nr. 1 - Bygninger og anlegg	Areal (daa)
Andre typar bygningar og anlegg (70)	99,98
Bustader (108)	2608,23
Forretningar (5)	37,69
Fritids- og turistformål (16)	90,86
Fritidsbusetnad (29)	210,22
Grav- og urnelund	12,14
Idrettsanlegg (5)	210,72
Kombinert byggje- og anleggsformål (5)	68,52
Næringsverksemd (25)	4407,12
Offentleg eller privat tenesteyting (35)	387,33
Råstoffutvinning (2)	192,56
Sentrumsformål (70)	267,55
<b>Sum areal denne kategori:</b>	<b>8593,00</b>

§11-7. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
Hamn (11)	703,95
Parkeringsplassar (15)	15,20
Veg (18)	151,56
<b>Sum areal denne kategori:</b>	<b>870,70</b>

§11-7. Nr. 3 - Grønstruktur	Areal (daa)
Friområde (76)	979,66
Grønstruktur (7)	314,23
Naturområde -grønstruktur (6)	39,52
Park (7)	296,07
Turdrag (3)	1,58
<b>Sum areal denne kategori:</b>	<b>1631,02</b>

§11-7. Nr. 4 - Forsvaret	Areal (daa)
Forsvaret (4)	764,67
<b>Sum areal denne kategori:</b>	<b>764,67</b>





§11-7. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift	Areal (daa)
LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (1118)	45744,71
Spreidde bustader (12)	2264,35
<b>Sum areal denne kategori:</b>	<b>48009,40</b>

§11-7. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	Areal (daa)
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (28)	301518,59
Farleier (5)	65618,82
Ferdsel (8)	345,09
Fiske (20)	33281,50
Friluftsområde (58)	915,52
Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhørende strandsone (2)	5,88
Småbåthamn (25)	303,07
<b>Sum areal denne kategori:</b>	<b>401988,52</b>

### 5.1.1 Bygningar og anlegg

#### Bustadområde i planforslaget

Det er ei rekke forslag som er vurderte.

I arealdelen til kommuneplanen er følgjande nye område for bustadar lagt inn: På Gossen B18, B19 og B20, og på Julsundet B1, B2, B5, B6, B9, B10, B11; B12, B13 og B15. Dette utgjør 143,5 daa på Gossen, og 159,42 daa på Julsundet.

### 5.1.2 Fritidsbusetnad/hytter

På Julsundet er det ikkje lagt inn nye område for fritidsbusetnad, her ligg to eksisterande område inne med eit totalt areal på 10,61 daa.

På Gossen er det tilrådd tre nye område. Totalt vil det være 196,19 daa avsett til fritidsbusetnad på Gossen. Av dette er 81,98 daa nye område, fordelt på områda H3 (12,86 daa), H4 (47,98 daa) og H9 (21,14 daa).

### 5.1.3 Naust


Det er ikkje lagt inn nye naustområde på Julsundet. På Gossen er det lagt til nokre nye naustområde. Desse er for det meste fortetting av tidlegare naustmiljø. Det er ikkje gjort nokon konkret vurdering av behov for naust, men det å kunne bruke båt er eit grunnleggjande trekk i Aukra. Det er mange som har naustrettar, og om alle desse skulle bygge naust, ville strandlinja bli svært oppstykket. Fordelinga av naustområde er gjort både for å få ei spreiding av aktiviteten, men også ei samling av naustmiljø.

### 5.1.4 Sentrumsføremål

Planforslaget legg opp til å styrke Falkhytten og Julsundet som senterområde i kommunen. På Falkhytten vert eksisterande område auka, medan det på Julsundet vert definert eit senter



gjennom planen, då eit slikt føremål ikkje har vore definert tidlegare. Sentrumsføremålet på Falkhytten blir utvida med to område, S2 (26,99 daa) og S5 (9,23 daa), som gir ein total på 240,9 daa. På Julsundet blir det avsett eit areal på 26,65 daa (S1).





### 5.1.5 Kombinert bygg og anlegg

Områda gjeld eksisterande kombinerte område og eit nytt område KB1 Fiskerifagskuletomta som er endra frå offentleg føremål til kombinert føremål bustad/næringsverksemd. Kombinert føremål KB2 i Juvika er endra med at ei bustadtomt no inngår i det kombinerte føremålet.

### 5.1.6 Næringsverksemd

#### 5.1.7 Det vert lagt opp til ein auke på om lag 70 dekar for næringsareala på Gossen, medan det på Julsundet er venta at næringslivet kan utvikla seg innanfor dei allereie avsette areala. Forretningar

Det vert ikkje sett av nye forretningsareal, verken på Gossen eller Julsundet i komande periode. Det vert forventa at utviklinga skjer innanfor eksisterande arealreserve, eller i areal avsett til sentrumsføremål.

### 5.1.8 Offentleg og privat tenesteyting

Både på Julsundet og på Gossen er det trong for nye areal til offentleg eller privat tenesteyting.

Følgjande område for offentleg og privat tenesteyting er teke inn i planforslaget:

På Gossen er eksisterande areal utvida med 39,22 daa (O3), medan ein på Julsundet har utvida med O1 (19,93 daa) og O2 (24,12 daa)

### 5.1.9 Fritids- og turistføremål

Turistnæringa er i hovudsak lokalisert til Gossen. Det vert lagt opp til nye areal for å stimulere til ønska vekst. Totalt vert areal avsett til fritids og turistføremål auka med om lag 40 daa på Gossen.

### 5.1.10 Råstoffutvinning

Det vert ikkje lagt inn nye areal til råstoffutvinning i komande periode, men avsette område frå tidlegare, vert vidareført i planen.

### 5.1.11 Idrettsanlegg

I kommuneplanarbeidet er arealet for I1 på Gossen utvida med om lag 9 daa.

## 5.2 Samferdselanlegg og teknisk infrastruktur

### 5.2.1 Nye vegføringar


Det er lagt inn 2 alternativ for sambandet mellom Oterøya og Gossen, med forbindelse til Hukkelberget. Det er og lagt inn 2 alternative kryssløysningar på Julsundet, sjå punkt 4.5. Nye gang- og sykkelveger er lagt inn på tre strekningar.

### 5.2.2 Parkering

På Julsundet ligg det inne 3 område for parkering. Det er lagt inn eit nytt område: Ei turparkering i Matberget (P1 1,28 daa)

## 5.3 Grønstruktur

I føresegnene er det sett krav til at nye utbyggingsområde skal ta omsyn til eksisterande eller planlagde turløyper, friluftsområde, naturverdiar osv.





## 5.4 Områder for forsvaret

Det vert ikkje lagt opp til nye område for forsvaret i komande planperiode.

## 5.5 Landbruks-, natur- og friluftsføremål

### 5.5.1 LNF-soner i kommuneplanen for Aukra 2015-2027

I kommuneplanen sin arealdel er utbyggingsområde, verneområde og område for infrastruktur avgrensa. Landareal som ikkje inngår i slike område, vert normalt sett av til område for Landbruk Natur og Friluftsliv. I LNF-områda er det normalt berre tillate med tiltak, bygg, anlegg og innretningar som er retta mot landbruksnæringa, bygd på næringa sine ressursar. Konsekvensen blir at det ikkje vert tillatne med andre bustad, fritids- eller næringsbygg i slike område.

I Aukra er det viktig å hegne om de gode produksjonsareala. I arealplanen er slike område prioritert med eit strengt forvaltningsregime. Dette viser seg i LNF-områda i plankartet.

Aukra kommune ønskjer at bustadbygging som ikkje er knytt til primærnæringa, i hovudsak skal skje i tilknytning til eksisterande bustadområde. I desse områda skal utbygginga også skje etter plan.

Likevel ser ein at det er trong for å tillata noko spreidd utbygging. Ei avgrensa bustadbygging vil kunne bidra til positiv sosial utvikling lokalt, og møte trong og ønske som tilflyttarar måtte ha.

### 5.5.2 LNF-spreidd bustadbygging (LNFS)

Spreidd bustadbygging må følgje lova sine krav om å vise område, type busetnad, tal bustader og lokaliseringkriterium. Føremålet retter seg mot bustadar som enkelttiltak. Utbyggingstiltak som inneber grupper på 3 einingar eller fleire, løyser ut krav om reguleringsplan. Det vert ikkje lagt opp til å tillate spreidd fritidsbusetnad i kommunen.

Følgjande vurderingar er lagt til grunn for å forenkle byggjesakshandsaminga:

#### 5.5.2.1 Områdeavgrensing


Avgrensing LNF-spreidd område i plankartet er gjort i høve til:

- Berre på Gossen. På Julsundet vert det kravd at all ny busetnad er i samsvar med plan for utbygging.
- Område av særleg høg landbruksverdi.
- Nærleik til veg.
- Nærleik til eksisterande busetnad.
- Viktige naturområde, område for naturmangfald, omsynssoner eller verneområde.
- Strandsona.

#### 5.5.2.2 Lokaliseringskriterier

På Gossen er følgjande grunnlag vurdert som viktig i høve lokalisering av spreidd busetnad:

- Tomt skal ligge til eksisterande veg og bustaden skal ligge innanfor ei sone på 100 meter frå vegen.
- Bustaden skal så langt det er mogeleg søkast lagt til eksisterande bygningsstrukturar.
- Tomta skal ikkje etablerast på dyrkamark.
- Utbygginga skal ikkje vere i konflikt med automatisk freda kulturminne.





- Utbygginga skal gjerast på ein måte der tiltaket vert underordna form og karakter på landskapet, noko som inneber at tiltaket ikkje skal ha sterk eksponering eller ha silhuettverknad.

### 5.5.2.3 Omfang

Omfanget skal vere lite og i sum vere langt mindre enn det det vert lagt opp til i sentrale strom. Det vert bygd om lag 10 bustadar i året på Gossen. I planperioden 2015-2027 vert det sett ei grense på 18 bustadar spreidd bygde, noko ein trur svarar til den reelle trongen.

Område	Plannemning	Tal på einingar i planperioden
Løvika, Sporsem	LNFS 1, 2, 3, 4 og 5	5
Nerbøen - Hoksneset	LNFS 6 og 7	5
Røssøyvågen, Småge	LNFS 8, 9,10 og 11	5
Hjertvika, Tangen	LNFS12	3

Avgrensing, utbyggingsføremål, lokaliseringskriterier og tal på bustadar blir ein del av føresegnene til planen.

## 5.6 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

I planen er byggjeforbodet i langs sjø definert i plankartet etter ein faglig vurdering av strandsona i heile Aukra. For tiltak her vert det sett krav om plan og utgreiingar.

Det er få vassdrag i kommunen. Vassløpa er bekker eller kanaler bygde for å drenere jordbruksareal. Det biologiske mangfaldet langs desse vassdraga er avgrensa. Vassdraga kan få bra vasstilsig i flaumsituasjonar, og det bør difor setjast grenser for nærleik mellom vassdrag og byggetiltak. Byggjegrænse mot vatn og vassdrag på 20 meter frå strandlinja målt i horisontalplan ved gjennomsnittleg flomvasstand, er vidareført frå gjeldande plan (2006), jf. § 1-8, 5. ledd i ny plan- og bygningslov, eller til kvar side av vassdraget si senterlinje. Det skal utgreiast konsekvensar for alle tiltak jf. vassressursloven og vassforskrifta. Vassforskrifta skal sikre vern og berekraftig bruk av vatnet i Noreg. Vatnet skal vere i ein god økologisk tilstand og ein skal kunne dokumentere at vasskjelder og vassdrag ikkje får redusert tilstand som følgje av tiltaket.

Sjøområda i Aukra vert brukt til fiske (næring og fritid) og oppdrett, til fritidsføremål og samferdsel. Etablerte farleier er lagde inn i plankartet slik dei kjem fram i Kystverket sitt farleikart. Sjøområda har også oppdaterte felt for fiskeri. Det ikkje lagt opp til nye areal for oppdrettsnæringa i komande periode.

Sjøområda er delt inn i område med og utan høve til akvakultur. Arealføremål i sjø er fordelt på


- farleier (FAR)
- natur-, ferdsl-, fiske- og friluftsliv (NFFF)

### 5.6.1 Småbåthamner

Det har kome ei rekke innspel til etablering av småbåthamner. Den samla vurderinga inneber forslag om 7 nye anlegg i tillegg til dei eksisterande.

## 5.7 Omsynssoner (jf. pbl. § 11-8)

### 5.7.1 Fare-, sikrings- og støysoner (jf. PBL § 11-8, bokstav a)







### 5.7.1.1 Sikringssone nedbørsfelt rundt drikkevann

Drikkevasskjeldene våre ligg i Fræna kommune og Eide kommune. Desse er sikra gjennom omsynssoner i planverket i desse kommunane.

Soner med fare for ras eller skred er lagde inn i planen. I desse områda vert det ikkje gjeve løyve til tiltak som kan medføre fare for menneske eller dyr, utan at området først er «friskmeldt» gjennom geologisk/geoteknisk vurdering.

### 5.7.2 Sone med særlege omsyn (jf. PBL § 11-8, bokstav c)

Det kan til dømes setjast av sone for jordvern, soner med særlege omsyn til landbruk, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller vern av naturmiljø eller kulturmiljø, med opplysningar om kva for interesse som gjeld. Soner med særlege omsyn vil for ein stor del ligge i arealføremålet LNF.

I kommuneplanen er det lagt inn omsynssone for landbruk. I slike område er det ikkje ønskeleg at dyrkamark vert omdisponert. Det er gitt føresegner for dette.


### 5.7.3 Bandleggingssone (jf. PBL § 11-8, bokstav d)

Dette er soner med forbod mot ny arealbruk i påvente av nye planer etter plan- og bygningslova eller andre lover. Bandlegging kan også gjelde område der det skal takast særleg omsyn, til dømes med grunnlag i naturmangfaldlova og kulturminnelova. I føreliggjande planforslag er det vist bandleggingssone etter dei to ovannemnte lovene. Dei fleste områda i denne kategorien er vidareførte frå gjeldande plan (2006).

Nye område er soner med bygge- og deleforbod i påvente av regulering er området rundt den delen av fastlandssambandet mellom Gossen og Oterøya som ligg på Gossen, og området rundt krysset på fylkesveg 662 på Fanghol, Julsundet.

### 5.8 Sone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde (jf. PBL § 11-8, bokstav f)

Reguleringsplaner som framleis skal gjelde er viste i plankartet med horisontal skravur og kvit bakgrunn.





### 5.8.1 Bustadområde som vert teke ut av planen

Det er gjort ein gjennomgang med vurdering av bustadområda i gjeldande kommuneplan som ikkje er teke i bruk for å vurdere om nokre godkjende område skal gå ut av planen eller endrast til andre eigna føremål. Dei områda som var føresett utbygde med grunnlag i såkalla bebyggelsesplan (frå PBL 1985) er i tekne bort og erstatta med LNFS – område der det er løyve til spreidd bustadbygging.

### 5.9 Reguleringsplanar som skal opphevast

Gjennom vedtaket av kommuneplanen ønskjer ein og å rydde opp i eldre regulering. Ein del eldre reguleringsplanar er erstatta av nyare reguleringsplanar, og som eit ledd i oppryddinga opphevar ein desse. Dei reguleringsplanane som blir oppheva, er følgjande:

PlanID	Plannamn
197801	Hollingen
197802	Falkhytten I
198202	Håneset
198203	Falkhytten I, (endring 01)
198501	Nerbøstrand
198503	Solem
199501	Falkhytten I, endring, alt 1
199701	Masseuttak på gnr 11 bnr 20
200304	Falkhytten I, endring nr 2
200403	Brødrene Hukkelberg AS - verft
200405	Ormen lange, forlegnings- og administrasjonsområde
200506	Juvika småbåthamn
200601	Falkhytten – endring 03 og 04
200606	Solem bustadfelt, reguleringsendring
200608	Julsundet sentrum, Mindre vesentlege endringar 01
200705	Løvika hyttegrend
200713	Løvika hyttegrend samt med mindre vesentlige endringer 01
200801	Hollingen, B16 og B16b
200802	Hollingen B8/B9, mindre vesentlig endring 01
200804	Småge småbåthamn
200805	Riksfjord skole
200806	Hollingen B16og B16b, endr.01
201008	Småge småbåthamn, mindre planendring
201012	Hollingsbukta B16 og B16B, endring 02

### 5.10 Reguleringsplaner som framleis skal gjelde

Alle vedtekne reguleringsplaner, med unntak av dei nemnd under kapittel 5.9, skal framleis gjelde, jamfør kommunen sitt planregister.

## 6 Vurdering av verknadane av planforslaget

Arealdelen av kommuneplanen skal leggest til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen. Tiltak må, når ikkje anna er bestemt, ikkje være i strid med arealbruk eller føresegner fastlagt i gjeldande arealplan. Det same gjeld andre tiltak som kan være til vesentleg ulempe for gjennomføring av planen. Kommuneplanen sin arealdel gjeld framfor eldre



reguleringsplanar og bebyggelsesplanar, men gjeld ikkje der det er gjort klart at eldre planar skal gjelde, jamfør punkt 5.7 framanfor.

Det blir vist til konsekvensutgreiinga som gjev ei samla vurdering og ei vurdering av einskildområde sin av verknad for miljø og samfunn.

Heilskapleg ROS-analyse for Aukra kommune gjer og ei vurdering av konsekvensar av ikkje ønska hendingar.

## 7 Utbyggingsavtaler

Dersom kommunen og ein privat utbygger finn det føremålstenleg, kan utbyggingsavtaler inngåast i samsvar med kapittel 17 i Plan- og bygningslova. Utbyggingsavtalar kan innehalde avtale om opparbeiding av teknisk infrastruktur og grønstruktur, rekkjefølgje på utbygging, kvalitet på tiltak, fordeling av kostnader, refusjon, gjennomføring mm. Innhaldet i utbyggingsavtalane følgjer det til ei kvar tid gjeldande vedtaket i kommunestyret om utbyggingsavtalar.

Planføresegnene heimlar høve til bruk av utbyggingsavtalar.

## 8 Temakart


I samband med kommuneplanen sin arealdel er det utarbeidd ei rekkje temaplanar. Desse har ingen juridisk binding, men er meint som ei utsortering og strukturering og tydeleggjering av einskilde forhold.

Det er utarbeidd temakart for:

1. **Strandsone**
2. **Fareområde**
3. **Kulturminne og kulturmiljø**
4. Friluftsliv
5. Vilt- og artsførekomst
6. Landbruk
7. Vegstandard, avkjørsler og ulykkespunkt
8. Naturtypar, kulturlandskap, strandsone og verneområde
9. Fiskeri og havbruk, oppdrett, hamner og farlei
10. Spreidd busetnad

Temakarta omtalar situasjonen på planleggingstidspunktet. Ved seinare bruk må datagrunnlaget sjekkast på nytt.

Temakart nr 1, 2 og 3 er tatt med i føresegnene til planen, og dei er bindande for arealbruken.





## 9 Politiske vedtak

### 9.1 Eigengodkjenning i Kommunestyret 07.02.2017, sak 12/17

#### Aukra kommune, kommuneplanen sin arealdel 2016 - 2028, eigengodkjenning

##### 10 Rådmannen si tilråding:

1. Med heimel i plan- og bygningslova av 27. juni 2008, kapittel 11, § 11-15, vert forslag til kommuneplanen sin arealdel 2016-2028 – Aukra kommune, med tilhørande digitalt plankart i SOSI – versjon, føresegner og retningslinjer, planomtale, konsekvensvurderingar og temakart, jamfør arkivnummer 2012/89 – 215, vedteken.
2. Med heimel i plan- og bygningslova av 27. juni 2008, § 13-1, blir det innført bygge- og deleforbod for planområdet omfatta av reguleringsplanen for Kjerringsundet. Planområdet går fram av plankartet til kommuneplanen sin arealdel, jamfør punkt 1 ovanfor.

##### 11 Saksprotokoll i Formannskapet - 28.11.2016

##### 12 Behandling

**Odd Jørgen Nilssen** sette fram forslag om å utsette sak 93/16.  
Saka vart samrøystes vedtatt utsatt til neste møte

Samrøystes vedtak

##### 13 Vedtak

Saka vart utsatt til neste møte

##### 14 Saksprotokoll i Formannskapet - 30.01.2017

##### 15 Behandling


Formannskapet gjorde oppmerksom på at det kunne vere manglande samsvar mellom nummereringa i KU-dokumentet og saksframstillinga ellers.

Rådmannen svara at påpeika misshøve ikkje hadde innhaldsmessig betydning, men at det ville bli gjennomgått og retta i det endelege plandokumentet.

**Heidi Løklingholm SP**, sette fram forslag på følgjande tillegg til pkt. 1.

Etter siste ord: vedteken **med følgjande tillegg:**

- Innspel nr. 42 Nytt bustadfelt i Hoksnes Gnr./Bnr./ 11/6 vert tatt inn i plana.





Det vart halde ei pause på 7 minutt, til kl. 15.05

**Heidi Løklingholm** trekte sitt forslag

**Formannskapet** sette fram følgjande tilleggsforslag :

Pkt. 3 Formannskapet ser det som ønskeleg å kunne få på plass eit nytt bustadfelt i Hoksneset (Gnr./Bnr. 11/6) og ber administrasjonen om å kunne få dette avklara.

Pkt. 4 Formannskapet ønskjer at kommuneplana skal rullerast.

Tilrådinga frå rådmannen:

Pkt. 1 vart samrøystes vedtatt

Pkt. 2 vart samrøystes vedtatt

Tilleggsforslaget frå formannskapet:

Pkt. 3 vart samrøystes vedtatt

Pkt. 4 vart samrøystes vedtatt

## **16 Innstilling frå formannskapet:**

1. Med heimel i plan- og bygningslova av 27. juni 2008, kapittel 11, § 11-15, vert forslag til kommuneplanen sin arealdel 2016-2028 – Aukra kommune, med tilhørande digitalt plankart i SOSI – versjon, føresegner og retningslinjer, planomtale, konsekvensvurderingar og temakart, jamfør arkivnummer 2012/89 – 215, vedteken.

2. Med heimel i plan- og bygningslova av 27. juni 2008, § 13-1, blir det innført bygge- og deleforbod for planområdet omfatta av reguleringsplanen for Kjerringsundet. Planområdet går fram av plankartet til kommuneplanen sin arealdel, jamfør punkt 1 ovanfor.

3. Formannskapet ser det som ønskeleg å kunne få på plass eit nytt bustadfelt i Hoksneset (Gnr./Bnr. 11/6) og ber administrasjonen om å kunne få dette avklara.

4. Formannskapet ønskjer at kommuneplana skal rullerast.


## **17 Saksprotokoll i Kommunestyret - 07.02.2017**

## **18 Behandling**

**Katrine Rindarøy** sette fram følgjande forslag:

1. Endringsforslag: Punkt 3 i formannskapetets innstilling tas ut
2. Innspel 52: Området er vurdert til ikkje å leggest inn i kommuneplanen

**Heidi Løklingholm** sette fram følgjande forslag:





Tillegg til pkt. 1: Etter siste ord: Vedteken med følgjande tillegg:

Innspel: Ny småbåthamn for flytting frå Nautneset, vert tatt ut av planen

**Helge Kjøll, KRF**, sette fram forslag om pause, det vart pause til 19.05

**Heidi Løklingholm, SP**, trekte sitt forslag

**AP v/Katrine Rindarøy og SP v/Heidi Løklingholm** sette fram følgjande felles forslag:

1. Endringsforslag: Punkt 3 i formannskapetets innstilling tas ut
2. Innspel 52: Området er vurdert til ikkje å leggest inn i kommuneplanen

Forslaget frå AP v/Katrine Rindarøy og SP v/ Heidi Løklingholm pkt 1, vart satt opp mot formannskapetets pkt. 3.

Forslaget frå AP v/Katrine Rindarøy og SP v/ Heidi Løklingholm vart samrøystes vedtatt

Forslaget frå AP v/Katrine Rindarøy og SP v/ Heidi Løklingholm pkt. 2, vart samrøystes vedtatt


Innstillinga frå formannskapet i pkt. 1, 2 og 4 vart samrøystes vedtatt

## 19 Vedtak

1. Med heimel i plan- og bygningslova av 27. juni 2008, kapittel 11, § 11-15, vert forslag til kommuneplanen sin arealdel 2016-2028 – Aukra kommune, med tilhørande digitalt plankart i SOSI – versjon, føresegner og retningslinjer, planomtale, konsekvensvurderingar og temakart, jamfør arkivnummer 2012/89 – 215, vedteken.
2. Med heimel i plan- og bygningslova av 27. juni 2008, § 13-1, blir det innført bygge- og deleforbod for planområdet omfatta av reguleringsplanen for Kjerringsundet. Planområdet går fram av plankartet til kommuneplanen sin arealdel, jamfør punkt 1 ovanfor.
3. Innspel 52: Området er vurdert til ikkje å leggest inn i kommuneplanen
4. Kommunestyret ønskjer at kommuneplana skal rullerast.

## Vedlegg

- 1 Planomtale
- 2 Føresegner
- 3 Konsekvensutgreiing
- 3 Plankart
- 4 Temakart 1-10
- 5 Merknad 1 - Paul Kristian Huse, datert 22.06
- 6 Merknad 2 - Riksantikvaren, datert 11.07
- 7 Merknad 3 - Kystverket, datert 10.08
- 8 Merknad 4 – Solid Utbygging, datert 19.08
- 9 Merknad 5 – Terje Gjendem, datert 21.08





- 10 Merknad 6 – Ingvar Arnason, datert 21.08
- 11 Merknad 7 – Sverre Dyrhaug, datert 21.08
- 12 Merknad 8 – Oliver Eidskrem, datert 12.06 og 22.08
- 13 Merknad 9 – Møre og Romsdal Fylkeskommune\_Torill Nerbøvik, datert 22.08 og 11.11
- 14 Merknad 10 – Nautneset småbåtlag, datert 19.08
- 15 Merknad 11 – Geir Varhaugvik, datert 22.08 og 10.11 (BBW)
- 17 Merknad 12 – Mattilsynet, datert 22.08
- 17 Merknad 13 – Direktoratet for mineralforvaltning, datert 23.08
- 18 Merknad 14 og 15 - Felles merknad frå Fylkesmannen og Statens vegvesen, datert 25.08 og 08.11
- 19 Innspel frå Eldbjørg og Sverre Dyrhaug
- 20 Merknad 11 - tillegg 22.12.16

### Særutskrift:

#### 20 Bakgrunn:

Kommuneplanen sin arealdel 2016 – 2028 er klar for slutthandsaming etter 2. høyring og avklaringsmøte med motsegnsmynde: Fylkesmannen i Møre og Romsdal den 27.05.16, Statens Vegvesen den 01.11.16 og Møre og Romsdal fylkeskommune den 09.11.16.

Andre høyring skjedde i perioden 20.06 – 22.08.2016. Kommunen mottok 15 merknader frå offentelege etatar og private interessentar. Desse er oppsummert og kommenterte i saksutgreiinga nedanfor.

Med omsyn til motsegna, frå Statens vegvesen, til området O2 for kapell og gravplass i Julsundet, er denne avklara, sjå merknad nedanfor. Møre og Romsdal fylkeskommune har motsegn til vegføring fram til naustområdet N15 på Nautneset. Under synfaring den 09.11.16 konstaterte rådmannen at det var bygd veg fram til naustområdet får vest, frå uthus under oppføring på gbn 13/353. Denne bygginga og tiltak i strandsona er ikkje godkjende som byggsak. Grunneigar har fått pålegg om å søkje godkjenning av tiltaka. Under føresetnad om bortfall av opphaveleg veg, kan fylkeskommunen trekke motsegna. Opphalveleg veg er no tatt ut av plankartet.


I ein av merknadane til høyringa, frå grunneigarane til gbn 13/39, Erna og Geir Varhaugvik, låg det inne eit ønske om drøfting omkring arealbruken på deira eigedom med kommunen sin administrasjon. Dette møtet vart halde den 27.10.16. I etterkant er det kome ein skriftleg merknad frå interesentane. Denne er kommentert i saksframlegget. Etter at saksframlegget var gjort klart for politisk handsaming til formannskapet sitt møte den 28.11.16, er det kome endå ein skriftleg merknad frå interesentane. Denne er lagt ved i vedleggslista og kommentert i saksframstillinga (tekst med raud farge). Rådmannen har funne det rett å ta med den siste merknaden då saka om kommuneplanen sin arealdel ikkje vart handsama, men utsett, i møtet den 28.11.16.

Kommuneplanen sin arealdel er no, etter rådmannen sitt syn, klar til eigengodkjenning.

#### 21 Utgreiing:

##### Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen har samordningsansvar for fleire statlege etatar og har sendt kommunen svar på eigne vegne og på vegne av Statens vegvesen. Statens vegvesen sine innspel blir kommentert under eiga overskrift.





Fylkesmannen (FM) hadde 16 motsegner ved første høyring:

1. Konsekvensutgreiing - manglande utgreiing
2. Tursti Sandvika - Røyrvika, forutsatt at omsyn til naturverdiar blir sikra i føresegnene
3. H4 fritidsbustader — Juvika
4. Byggeforbod langs sjøen
5. Manglande øvre ramme for bruksareal for etablering av detaljhandel, forutsatt justering av tekst i føresegnene
6. Barn og unge - leikeareal
7. LNFS12- bustadformål
8. T7 — campingplass
9. NV15-industri (Tahaugen)
10. B20-bustadformål/manglande KU (sentrumsnært, Falkhytten)
11. B18-19 og F1— manglande KU (sentrumsnært, Falkhytten)
12. B10-12-13 og P1 – bustadformål (Matberget, Julsundet)
13. B5- bustadformål (Mevold, Julsundet)
14. Føresegner LNFS § 10.2
15. Manglande omsynssoner og føresegner for areal med skredfare, forutsatt at tiltak i omsynssoner blir skildra i føresegnene knytt til omsynssonene
16. Manglande føresegner som sikrar tryggleik mot stormflo og havnivåstigning

Etter endringane som følgde 2. høyring, har FM oppheva 14 av motsegnene og sett vilkår for å oppheve 2. To område har framleis motsegn. Desse er:

1. Naustomåde på gnr 3 bnr 1
2. Omsynssone H710 Aukratangen – Kjerringsundet

### Vilkår for å oppheve motsegner

**Fylkesmannen har sett krav som må oppfyllest for at motsegner kan opphevast. Desse er:**

**Motsegn nr 5.** Her føreset FM at føresegnene i § 6.4 b) blir endra slik: «Det er ikkje tillate å etablere og utvide kjøpesenter med samla bruksareal for detaljhandel på meir enn 3000 m<sup>2</sup> utafor kommunesenteret på Falkhytten, jamfør Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre».

*Kommentar*

*Forskrifta om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre ligg til grunn for arealbruk og planutforming av kommuneplanen sin arealdel. Kravet om endring av føresegna er imøtekomen.*

**Motsegn nr 16.** FM viser til at rammeføresegnene, § 3.1, der byggegrenser i område med fare for skred og flaum er skildra. Tema om skred og flaum er vist i eigne temakart. FM ønskjer at avstandsgrenser knytt til skred og flaum blir knytt direkte til føresegnene for temakarta.

*Kommentar*

*Krav til byggegrenser er tatt inn i rammeføresegnene og er slik sett like bindande for vidare planlegging og byggsakhandsaming som om vilkåret også står i føresegnene som er direkte knytt til temakarta. Kravet om endring av føresegna blir imøtekomen ved at føresegna i § 13.3 Område med særleg omsyn og fare, får ei tilføyning lik avstandskrava for bygging mot sjø og vassdrag i § 3.2, punkt b) og f).*

### Nye motsegner

#### **Naustområde på gnr 3 bnr 1**

Dei aktuelle nausttomte rett sør for Hukkelberg industrier sitt område vart lagde inn i planen som nytt innspel etter privat initiativ i samband med 1. høyring. Planforslaget viser no eit samanhengjande naustområde frå industriområdet i nord og sørover til småbåthamna i





Ragnalund. Fylkesmannen reiser motsegn av omsyn til redusert tilkomst til strandområdet for publikum.

*Kommentar*

*Tiltaket er viktig for den grunneigaren dette gjeld. Føresegnene til kommuneplanen sin arealdel slår tydeleg fast at det i naustområde skal vere passasjar mellom nausta i eit naustområde slik at folk flest skal kunne kome ned til stranda. Akkurat på denne staden tenkte rådmannen at nemnde formulering i føresegnene ville sikre tilgang til stranda, og at ein dermed kunne tillate naustbygging langs heile strandområdet. Med varslet om motsegn er rådmannen innstilt på å imøtekomme kravet om fjerning og slik ikkje utsetje vidare ferdigstilling av kommuneplanen sin arealdel. Politisk må ein sjølvsagt vurdere om dette er ei usemje ein vil ha prøvd gjennom eventuell mekling – med påfølgjande tidsbruk.*

### **Omsynssone H710 Aurkatangen – Kjerringsundet.**

Vegløysinga over Kjerringsundet og Gossen var ved 1. offentleg ettersyn vist i plankartet med omsynssone H710 Bandlegging for regulering etter plan- og bygningsloven, der H710 sikra areal for fleire alternative veglinjer over sjøelve Kjerringsundet. Ved 2. høyring var bandleggingsområdet redusert til den veglinja som pågåande reguleringsplan for Kjerringsundet viser. Denne reguleringsplanen har FM motsegn til, og FM ønskjer at omsynssona blir tatt inn att i planforslaget slik at alternativ til pågåande regulering blir sikra i overordna plan.

*Kommentar*

*Omsynssona H710 vart tatt ut på høyringstidspunktet då det såg ut til at pågåande regulering kunne bli ei tilrådd løysing. Planane for Kjerringsundet er under stadig vurdering / endring i prosjektorganisasjonen, og rådmannen er samd i at det vil vere rett å legge inn omsynssona på nytt for å slike tilgang til naudsynt areal.*

### **Tilrådingar**

#### **Støy**

Aukra kommune har ei retningslinje i kommuneplanen om at Miljøverndepartementet si «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/12» skal leggest til grunn ved handsaming av tiltak nær støykjelder. Fylkesmannen rår på det sterkaste til at T-1442/12 blir gjort juridisk bindande for kommuneplanen. Dette betyr at følgjande formulering: «Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/12 skal leggest til grunn ved planlegging og ved handsaming av byggesaker» blir tatt inn på føresegnplass.

*Kommentar*

*Flytting er gjort.*

### **Omsynssone H210 og H220**

Kommunen har ved 2. offentleg ettersyn tatt inn i plana omsynssone for støy kring skytebane, motorcrossbane og næringsareal. Dette er i tråd med føringane gitt i retningslinje T-1442/12. FM ønsker at omsynssone støy i kommuneplanen også bør innehalde vegtrafikkstøy, jamfør sjablong utarbeidd av Statens vegvesen.

*Kommentar*

*Dersom omsynssona skal bli fullstendig, må ho dekke både kommunale vegar og fylkes- og riksvegar. Statens vegvesen har ikkje laga sjablongar for støy frå kommunale vegar. Rådmannen ser det som urealistisk å skulle skaffe fram støyvurderingar til alle kommunale vegar i samband med kommuneplanen sin arealdel. Når føresegnene legg til grunn at den nemnde retningslinja skal gjelde ved planlegging og byggsakhandsaming, blir det gjort naudsynte undersøkingar knytt til dei einskilde sakene eller planane. Dette skal sikre støyvurdering på ein tilfredstillande måte. Aukra kommune har opplevd at FM i reguleringsplan ikkje har godkjent Statens vegvesen sine sjablongar som godt nok grunnlag for vurdering av støy og at kommunen har måtta koste ny utgreiing. Oppmodinga blir ikkje imøtekommen.*

**Avgang av dyrka og dyrkbar jord, arealstatistikk**

FM har eit sterkt ønske om at kommunen lagar ein arealstatistikk over kor mykje dyrka og dyrkbar jord som blir omdisponert til anna arealbruk i arealdelen til kommuneplanen, både for det einiskilde tiltaket og samla for heile planen. Vidare blir det slått fast at: «Eit tydeleg arealreknskap med samla konsekvensvurdering for landbruket er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for kommunens politikarar før ein fattar endeleg vedtak.» Og: «Til dømes er det sterkt ønskjeleg med nydyrking som kompenserende tiltak der dyrka mark og matproduksjon vert omdisponert til andre viktige samfunnsføremål. Dette er ikkje nemt i KU-vurderingane.»

**Kommentar**

*Rådmannen kan sjå nytte av ein slik statistikk. Noko på veg har ein også gjort ei samla konsekvensvurdering av avgangen av dyrka jord knytt til utbyggingsføremåla i planen. Vidare er det på Gossen sett av ei eiga omsynssone for landbruk for å ta i vare den beste dykrajorda og dyrkbare ressursar. Kommunen sit ikkje med eit analyseverktøy knytt til GISline som kan gi oss den etterspurde statistikk på ein enkel måte. Dette er grunnen til at det ikkje er utarbeidd slik statistikk tidlegare i planprosessen. Kvart år melder kommunen inn til Statistisk Sentralbyrå avgang av dyrka og dyrkbar jord, faktisk og i plan(tentativt), gjennom KOSTRA – rapporteringa. Nasjonal statistikk bli slik oppdatert årleg. Kva form for dyrkingsprogram ein skulle knyte til kommuneplanen sin arealdel er ukjent og ikkje lov- eller forskriftsheimla. Dessutan er løyve til dyrking i dag knytt til ein lang godkjenningssprosess der areala som naturområde og tilhaldsstad for naturmangfald skal vegast på lik linje med auke i matproduksjonsareala. Rådmannen ser dette som eit viktig tema, men uaktuelt å knyte til kommuneplanen sin arealdel .*

**LNF med høve til spreidd busetnad**

Kommunen har teke inn føresegnar om høgste tillatne tomtestorleik og utnyttingsgrad i LNF – område med høve til spreidd busetnad. FM føreslår at omgrepet «driftsmessige ulemper», jamfør planomtalen punkt 4.2.8, blir presisert som retningslinje i føresegnene i § 10.2, bokstav b og i punkt 5.5.2.2, Lokaliseringskriterier. Forslag til retningslinje: «Med driftsmessige ulemper legg ein til grunn tiltak som minsteavstand til driftsbygningar og landbruksareal i drift, og at tilkomstveg ikkje skal omdisponere eller fragmentere dyrka/dyrkbarjord.»

**Kommentar**


*Forslaget er lagt til i føresegnene som retningslinje.*

**Sporseem - Etablering av 3 bustadar på landbruksareal**


Tiltaket er plassert på dyrka mark i landbruksområde med løyve til spreidd busetnad, LNFS3. FM viser til at: «... dette bryt med lokaliseringkriteria i føresegnene. Fylkesmannen oppmodar sterkt om alternativ plasseringar av bustadtomtene, da dyrka marka er på ca. 8 daa og det er, ut frå gardskartet hjå NIBIO, moglegheiter for nydyrking av eit større samanhengande jordbruksområde.»

**Kommentar**

*Plasseringa av dei aktuelle tomtene er dessverre vist feil i høyringsdokumenta. Dei skal plasserast inn til tilkomstveg til det vesle bustadfeltet, på vestsida av vegen, og jamt med den nordlegaste eksisterande tomte og sørover til der tilkomstvegen svingar om lag 90 grader mot vest før fylkesveg FV220. Avgangen av dyrka jord blir mindre her, det blir ei samling av hus i ei husklynge med trygg vegtilkomst og berre ei utkøyring til FV 220. Råmannen meiner dette kan forsvare arealbruken.*



Presentert i 2. høring, feil plassering



Rett plassering, som rådmannen forsvarer

### **Småbåthamn i Røssøyvågen (SB10)**

Kommunen har som følge av innspel ved 2. høring tatt småbåthamna SB10 i Røssøyvågen ut av planen fordi det ikkje er blitt etablert småbåthamn/-anlegg her i førre planperiode. FM ser ikkje noko konkret grunngeving for å ta ut føremålet frå planen anna enn manglande utbyggingsinteresse. Kommunen blir bedt om å vurdere om det i området faktisk er sett av nok areal til småbåthamn/-anlegg, for dermed å redusere byggepress andre stader i strandsona.

#### *Kommentar*

*Formannskapet har ved 2. høring tatt småbåthamna ut or planforslaget og etterkomme innspelet frå berørte grunneigarar, Jan Ove Varhaugvik og Ingrid Kjellnes, gbn 5/22 og 4/11. Rådmannen vil ikkje føreslå endring i denne prioriteringa. Denne må i så fall kome frå det politiske organet sjølv.*

### **Statens vegvesen**

Statens vegvesen (SV) har motsegn til planlagd rundkøyning ved Hollingenkrysset og særskild til den 4. armen i rundkøyninga som knyter området for kapell og gravplass, O2, til FV 266. Vidare er det også reist motsegn til O2. O2 vil periodevis generere konsentrert trafikk inn i rundkøyninga og opne opp for meir aktivitet på austsida av FV 266. Utvida, tosidig utnytting av areala langs FV 266 vil forsterke vegen sin karakter som lokalveg i motsetnad til funksjonen som viktig gjennomfartsveg. SV grunngir motsegnene med trafikktryggleik, transportfunksjon og framtidig arealtrong for utviding av fylkesvegen.

#### *Kommentar*

*Det kan reisast spørsmål om det er rett å vise konkrete kryssløysingar, som rundkøyninga i Hollingenkrysset, på kommuneplannivå. Ei kryssløysing treng detaljert planlegging og høver nok best i ein reguleringsplan. Kommunen har i samband med arealplanlegginga i Julsundet brukt mykje ressursar på å finne trafikk sikre kryssløysingar og høve for sanering av avkøyningar slik at ny og eksisterande arealbruk får god og sikker tilknytning til eksisterande vegstrukturar. I dette arbeidet har vi dels operert på detaljplannivå for å sikre at tenkte løysingar let seg realisere. Rådmannen er innstilt på å ta ut rundkøyninga frå arealdelen og heller kome attende til ei kryssløysing gjennom ein detaljplan seinare. Med omsyn til O2 er det gjennom planarbeidet gjort ei grundig vurdering på aktuelle stader der kapell og gravplass kunne plasserast. Det aktuelle området er det einaste som ut frå landskapsmessige tilhøve og omsyn til sentrumsfunksjonalitet i Julsundet passer til føremålet, jamfør diskusjonen om sentrumsfunksjonar i planomtalen. Etter møte med Statens vegvesen den 01.11.16 er det semje om at detaljar for kryssløysinga og utvikling av området O2 først kan skje etter at planløysingar er godkjende gjennom ein områdeplan. Områdeplanen skal omtalast i planomtalen. Statens vegvesen kan på dette grunnlaget trekke tidlegare motsegn. Rådmannen synest denne løysinga er akseptabel, og planomtalen og føresegnar er utvida med dette temaet.*

### **Møre og Romsdal fylkeskommune**

#### **PLANFAGLEGE SPØRSMÅL**



Følgjande merknad er mottatt frå fylkeskommunen (FK): «Vi viser til vårt brev, datert 14.08.16 og saknar framleis at konsekvensutgreiinga viser til vedteke planprogram og kvitterer ut at alle tema frå programmet er utgreidde. Det saknast også referanse til feltkoder i tabellen som viser område som er vurderte, kapittel 5.6.1. Dette vil gjere orienteringa i kart og konsekvensutgreiing enklare.»

*Kommentar*

*Konsekvensutgreiinga er i innleiingskapitlet supplert med omtale av planprogrammet og ein kort gjennomgang av dette. Feltkodar er ikkje tatt inn i nemnde tabell då dette medfører eit uforholdsmessig stort arbeid.*

## **KULTURMINNE**

### **Naustområde N15, Nautneset, gbnr 13/9, motsegn**

Ved første høyring vart ikkje vegutløysing for N15 vist. FK har følgjande merknad: «Vi viser til merknader ved førre høyring. Det er etter vår vurdering uheldig at kommunen viser tilkomst frå sør som einaste alternativ i plankartet, sjølv om konsekvensane ved dette tiltaket er vekta negativt. Veglinja mot sør vert liggjande kant i kant med omsynssone kring automatisk freda kulturminne i gjeldande plan, og innanfor tilhøyrande sikringssone. På dette punktet har vi motsegn.»

*Kommentar*

*Plankartet viser ei utviding av industriområdet på Nautneset mot aust og sør der noverande småbåthamn ligg. Nautneset er det einaste kommunale industriområdet med sjøtilgang. Det er tatt høgde for at industriområdet kan få ei vidare utvikling mot sør, i retning av Stor Nautneset. Ei slik utviding er ikkje vist i planforslaget, men kan reknast som sannsynleg ved ein seinare revisjon. Tilkomst til naustområdet N15 er vurdert frå nord, men tatt bort av omsyn til ei eventuell utviding av industriområdet i framtida. Etter synfaring på staden den 09.11.16 vart det konstatert at det er bygd veg fram til naustområdet frå vest, frå uthuset på gbn 13/353 (under bygging). Vegløysinga vart diskutert med fylkeskommunen i møte same dag. Det er seinare mottatt aksept for at denne vegen blir tilkomstveg til naustområdet N15.*

### **Avklaringskrav**

Merknad frå FK: «Vi viser til områda lagt ut som LNF med spreidd bustadbygging (LNFS). Her må det vere krav om at alle byggesøknader skal sendast Fylkeskommunen for avklaring vedrørende automatiske freda kulturminne. Dette gjeld også utbyggingstiltak med færre enn 3 einingar (jfr. planomtala punkt 5.5.2). Dette er å sjå som eit vilkår for eigengodkjenning og er heimla i kulturminnelova § 9. Undersøkingssplikta er ikkje avklart endeleg på kommune-plannivået.»

*Kommentar*

*Føresegnene har i § 5 eit krav til avklaringar som må gjennomførast før planlegging eller byggsakhandsaming tek til. Omsynet som FK etterlyser er tenkt tatt i vare her. Følgjande presisering er gjort i overskrifta og i § 5.1 (presisering med utheva skrift): § 5 Avklaringskrav i vidare reguleringsarbeid og **ved søknader om tiltak**. I § 5.1 a): Ved utarbeiding av reguleringsplanar og ved søknad om tiltak skal eventuelle kulturminne og kulturmiljø skildrast, og det skal visast korleis ein har søkt å ta omsyn til desse, **jmfør Lov om kulturminne § 9**. Dette skulle sikre undersøkingsplikta.*

### **Krav til byggsak, N46**

Merknad frå FK: «Vi er nøgd med at kommunen har teke til følge våre motsegn til N10 og N46, og trekker derfor motsegn på desse punkta. Endringane i samband med motsegna er likevel ikkje følgt opp i konsekvensutgreiinga. Vi ber om at byggesøknad for innspel 1 (N46 i førre høyringsforslag) vert sendt til oss for uttale før ei eventuell realisering.»

*Kommentar*



FK kan ikkje vente å få avklaring til ein ikkje fremja einskildsøknad i ein høyringsmerknad til kommuneplanen sin arealdel. Omsynet er likevel tatt i vare i og med endringa i § 5 i føresegnene, nemnt ovanfor.

### **Hjertvikberget – Horremshaugen, gang- og sykkelveg langs Fv 217**

Merknad frå FK: «Tiltaket synest å komme i direkte kontakt med automatisk freda kulturminne (ID 92193). Konfliktgraden vil avhenge av kva side av Fv 217 ein vel å legge gangvegen. Dette er som nemnt i tidlegare brev, ei konflikt som er kjent frå gjeldande plan, og detaljar og omfang av konflikten vil ein først kunne gjere greie for på reguleringsplannivå. Truleg vil det ikkje vere mogleg å få til ei løysing med gangveg utan søknad om dispensasjon frå kulturminnelova. Konsekvensen må ved alle høve synleggjerast i KU, ikkje som «null».»

#### *Kommentar*

*Som FK skriv sjølv, blir ein eventuell konflikt avklara i samband med ein reguleringsplan for tiltaket. I KU vurderinga er omsynet til trafikk sikring sett på som eit viktig positivt moment som er med å trekke «sluttsummen» for KU opp til «null».*

### **Omsynssoner H730 og H570**

Merknad frå FK: «Kommunen skriv i føresegnene § 14.2 at temakart 2 «Kulturminne og kulturmiljø» viser aktuelle omsynssoner og er bindande for arealbruken då det er knytt til føresegner. Vi rår primært til at alle automatisk freda kulturminne skal liggje synleg som eit kartlag i hovud-kartet, markert som omsynssone D sosi-kode H730 eller rune-R, sjølv om kommunen har temakart for kulturminne-/miljø. Vi rår også sterkt til at kartlaget for automatisk freda kulturminne vert oppdatert opp mot Askeladden til dagens situasjon. Det er nyregistrerte kulturminne samt endringar, som ikkje visast slik det er lagt fram i temakartet. Dette gjeld mellom anna fleire funn langs vegtraséen for Kjerringsundet.

Temakart 2 viser i tillegg SOSI-kode H730 (omsynssone D) Føresegner og retningslinjer viser også kun til H730. Sidan kartet er sagt å skulle vere rettsleg bindande, **må** det også vise SOSI-kode H570 (omsynssone C) som er nødvending kring kulturminna. Som ein del av det rettsleg bindande kartet må det også vere føresegner/retningslinjer til SOSI H570.

I den samanheng viser vi til tidlegare merknader som gjeld omsynssone C (SOSI H570), og rår til at desse vert lagt inn i temakartet, men altså helst i hovudkartet. Vi sender her med vedlegg med sosifiler for H570-soner som skal leggest inn (vedlegg 1). Desse omsynssonene femner både automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne. Vi viser og til tidlegare fråsegn med retningslinjer som høyrer til H570. Vi ber i tillegg om at verneområde frå tidlegare godkjente reguleringsplaner (spesialområde vern) vert vist i temakarta.»

#### *Kommentar*

*Planforslaget har tatt omsyn til automatisk freda kulturminne gjennom bruk av omsynssone H 730 og H 570 i temakart 2. Det er også tatt inn juridisk bindande reglar for sona i føresegnene, jamfør del 3 Omsynssoner.*

*Kommunen har ansvar for kartframstillinga og har gjort eit aktivt val med å bruke (juridisk bindande) temakart. Dette er gjort for å minske informasjonsmengden i hovudkartet og dermed lette lesinga av hovudkartet. Ønsket om å vise omsynssone H730 og H570 eller rune R i hovudkartet er ikkje imøtekome. Spesialområde, vern, i reguleringsplanar er viste i desse planane og gir naudsynt informasjon om verneføremålet anten ein skulle arbeide med reguleringsendring eller byggsak. Ønsket er ikkje imøtekome.*

### **Riksantikvaren, Aukra mellomalderkyrkjegard**

Riksantikvaren skriv følgjande: «Riksantikvaren rår sterkt til at både bruken og vernet av Nord-Aukra mellomalderkyrkje-gard vert formelt riktig i samband med ny kommuneplan for Aukra.





Plan- og bygningslova gir høve til å regulere automatisk freda kyrkjegardar til både bruk og vern på kommune-plannivå ved at det vert gjeve dispensasjon frå den automatiske fredinga. Her er det fortsatt bruk til kyrkjegard som er det aktuelle.

I gjeldande reguleringsplan for Aukrasanden, er ikkje mellomalderkyrkjegarden regulert til vern, korkje i kartet eller i føresegnene. Riksantikvaren har i brev av 22. desember 2010 til Møre og Romsdal fylkeskommune, med gjenpart til Aukra kommune, peika på at vi ikkje var blitt beden om å ytre oss med omsyn til vårt ansvarsområde den mellomalderske kyrkje-garden, jf. ansvarsforskrifta. Dette var ein sakshandsamingsfeil. Da den gjeldande reguleringsplanen for kyrkjestaden ikkje er riktig når det gjeld føresegn og omsynssone, meiner vi det er ekstra viktig å rydde opp i dette no i samband med den nye kommuneplanen. Dette for å sikre synleggjing og god forvaltning av mellomalder-kyrkjegarden. Etter vårt syn er det uheldig at området vert teke ut av planen i staden for å nytte høvet til å få vedtatt ein riktig arealplan for området. Riksantikvaren rår derfor på det sterkaste til at kyrkjestaden vert innlemma i kommuneplanen med tilhøyrande føresegn, sjå Riksantikvaren si fråsegn av 06.08.15 og fylkeskommunens i fråsegn av 14.08.2015.

Riksantikvaren understrekar at ein formelt riktig plan vil gjere både bruken og vernet av Kyrkjegarden enklare for både kommunen og kulturminneforvaltinga i fylkeskommunen og hos Riksantikvaren.»

#### *Kommentar*

*Første gong Aukra kommune vart gjort kjend med mellomalderkyrkjegarden var ved første høyring av denne planen. Arealet ligg rett ved kyrkja, mot nordvest på kyrkjegarden. Kyrkja og kyrkjegard er med i reguleringsplanen for Aukrasanden frå 1986. Seinare har området vore under planlegging i samband med kommuneplanen sin arealdel i 2006 og revisjon av reguleringsplanen i 2010 i samband med bygging av kyrkjelydshuset. Ingen merknad til reguleringsføreåret «offentleg areal», som også omfattar mellomalderkyrkjegarden, er mottatt i samband med høyringane til desse planane, verken frå Møre og Romsdal fylkeskommune eller Riksantikvaren. Heller ikkje kyrkjevevje var kjent med restriksjonen / det automatisk freda kulturminnet då rådmannen undersøkte saka våren 2016. Rådmannen konstaterer at Riksantikvaren viser til sakshandsamingsfeil. Denne feilen ligg ikkje hos kommunen. Ønsket om å ta inn mellomalderkyrkjegarden i kommuneplankartet saman med ei detaljert føresegn vurderer rådmannen å vere bruk av feil plannivå. Kommuneplanen er ein overordna plan og skal ikkje gå ned i detaljer om til dømes bruk av graver (jamfør forslag til føresegn). Rådmannen imøteser heller eit ønske om reguleringsendring gjennom eit planforslag innsendt av Riksantikvaren sjølv eller kulturavdelinga i fylkeskommunen.*

#### **Kulturminne frå nyare tid**


FK skriv: «Vi saknar eit eige kapittel om kulturminne i planomtalen. Vi viser her til vårt tidlegare innspel i fråsegn til varsel om oppstart og planprogram. Vi presiserer der at det er viktig at kommunen tek aktivt stilling til korleis ein kan nytte kulturminna som del av kulturarv og identitet. Det er i så måte viktig at kommunen fokuserer på og er medviten om kulturminne som ein ikkje fornybar ressurs, som kommunen må ta omsyn til i miljø-, kultur- og arealpolitikken. Vi vil derfor framleis oppmode om at kommunen føyer til eit eige kapittel «Kulturminne og kulturarv», der dei presenterer dei løysingane og konsekvensane som er valt for kulturminna.

#### *Kommentar*

*Planomtalen har fått eitt nytt punkt 4.8 Kulturminne. Her er det gjeve ein kort omtale av tankar rundt framtidig handtering av kultuminneforvaltinga knytt til arealbruk. Arealbruken knytt til kulturminne i føreliggjande plan er også omtala.*

Vidare skriv FK: «Vi har elles følgande merknader til nokre av innspela til kommuneplanens arealdel:

#### **Innspel 16 - tre rorbuer og oppstillingsplass for bubilar gbnr 4/87.**





Småbåthamna ligg som ein del av Røssøyvågen hamn. Denne er i «Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi» vurdert til å ha lokal verdi. Rorbuer vil kunne gli godt inn i det verneverdige miljøet dersom dei får ei god utforming og plassering. Oppstillingsplassar for bubilar vil derimot vere eit framandt element i Røssøyvågen hamn. Vi vil sterkt oppmode om at denne funksjonen vert kutta ut, eller plassert i god avstand frå det verneferdige hamnemiljøet. Det er ved alle høve viktig antall bubilar ikkje vert for stort.

#### **Innspel 18, Rorbu/Fritidsbustad gbnr 5/19.**

Eigedomen har i seg sjølv liten verdi i kulturminnesamanheng. Røssøyvågen samla er likevel eit gammalt fiskevær som i dag stort sett er bustader. Utleigeverksemd og fritids-bustad midt oppe i dette verneverdige miljøet kan medføre uheldige biverknader, mellom anna at miljøet blir liggjande utan aktivitet delar av året. Det er generelt viktig at ein ved bruksendringar framleis nyttar bygningane på bygningane sine premiss. Så også når det gjeld gbnr 5/19.

Av spesielt verneverdige bygningar i området vil vi nemne våningshus og løe på gbnr 5/7, eit av dei første bustadhusa i Røssøyvågen. Vi vil nytte høvet til å oppmode om at gbnr 5/7 vert lagt ut til omsynssone C, verneverdig bebyggelse, med føresegner som sikrar vern.

#### **Innspel 19, Rorbu/fritidsbustad i Røssøyvågen, gbnr 5/11.**

Heller ikkje denne eigedomen har i seg sjølv vesentleg interesse i vernesamanheng. Like vest for eigedomen ligg det likevel to eldre, verneverdige, SEFRAK-registrerte naust. Endringar på gbnr 5/11 bør tilpassast dette og det er viktig at slike tradisjonelle naust ikkje vert gjenstand for eksteriørmessige endringar som gjer at dei misser sitt preg.»

##### *Kommentar*

*Rådmannen kan ikkje ta omsyn til innspel så seint i planprosessen. Dei nemnde kulturminna frå nyare tid i Røssøyvågen kan ikkje gjevast vernestatus gjennom omsynssone C, H 570 med tilhøyrande føresegner då desse innspela ikkje har vore med i høyringane til planen. Eit slikt krav / ønske har heller ikkje same lovheimel som for automatisk freda kulturminne. I slike område, der gammalt og nytt møtest og der folk skal bu og nokre skal skape seg utkome, må det bli ei avveging mellom bruk og vern og ei tilpassing mellom gammalt og nytt. Rådmannen meiner planforslaget tek naudsynt omsyn til bruk og vern.*

#### **Planomtalen**

FK skriv: «I kapitel 5 bør ein i tilknytning til «Reguleringsplaner som skal opphevast» også ha eit kapitel over kva reguleringsplaner som framleis gjeld. Dette må også kome tydeleg fram i det rettsleg bindande temakartet.»

##### *Kommentar*

*Naudsynte tilføyningar er gjort.*

#### **Direktoratet for mineralforvaltning**

Direktoratet viser til at det på Torhaugmyra i Julsundet er registrert eit større felt for byggeråstoff (NGU sin pukkdatabse). Råstoffressursen strekker seg under bustadfeltet på Torhaugmyra og planlagd nytt bustadfelt på Torhaugmyra vest. Kommunen blir oppmoda om å ta stilling til om det skal setjast rekkefølgekrav slik at mineralressursen blir tatt ut før bustadbygging blir sett i verk.

##### *Kommentar*

*Kommunen har ikkje tidlegare merka seg at det er registrert mineralressursar på Torhaugmyra og det er beklageleg.*

*Direktoratet mottok epost om 1. høyring den 03.06.15 utan at kommunen fekk tilbakemelding den gongen. Det er heller ikkje mottatt merknad om mineralressursane då reguleringsplanane på Torhaugmyra var til høyring. For kommunen sin del vil det ikkje vere aktuelt å legge til rette for råstoffutvinning på denne staden. Det er alt lagt til rette for bustadbygging på Torhaugmyra i Aukra*



kommune, og det er kort avstand til eit stort bustadfelt på Jendem i Fræna kommune. Støy og støv frå eit massetak i området vil vere lite ønskeleg. Det er ikkje varsla motsegn frå Direktoratet for mineralforvaltning. Av høyringsbrevet går det fram at direktoratet ventar ei ny høyring. Mykje tyder på at det ikkje blir fleire høyringar før eigengodkjenning av arealdelen. Merkanden blir ikkje tatt til følgje.

### **Mattilsynet**

Mattilsynet slår fast at arealdelen til kommuneplanen ikkje får konsekvenser for vassforsyninga og at ein derfor ikkje har merknad til planen.

### **Kystverket**

Kystverket har ikkje varsla motsegn til arealdelen. Det er i høyringssvaret lista opp grensa mellom kommunen sitt ansvar og Kystverket sitt ansvar i høve Havne- og farvannsloven og elles gjeve mange fagleg råd for deira fagområde. Aukra kommune er medlem av Molde og Romsdal Havn IKS, og dette selskapet er vårt fagmynde i høve Havne- og farvannslova. Molde og Romsdal Havn IKS har ikkje merknad til 2. høyring. I plankartet blir hovudleier og bileier viste. Det er sett av soner rundt oppdrettsanlegga i kommunen som skal ta i vare ankerfesta for anlegga samstundes som desse ikkje skal hindre ferdsla på sjøen.

### **Solid Utbygging AS**

Solid Utbygging AS har ønske om å få kartfesta mogeleg utviding av bustadbygginga på Mevold i Julsundet sør for det flettet dei no har gjort ferdig, på gnr 21 bnr 3.

*Kommentar*

*Ønsket er alt tatt i vare og ligg inne i kartet som har vore til høyring.*

### **Nautneset Småbåtlag SA**

Småbåtlaget er betenkt over å flytte småbåthamna til området sør for Stornautneset (Varhaugvika) slik planen viser. Det er særleg vertilhøva som er vanskelege her. Deira ønske, om hamna må flyttst, er til området i Halsabukta ved gnr 13 bnr 9 der kommunen sjølv er grunneigar og der noverande plan viser utviding.

*Kommentar*

*Gjeldande kommuneplan, arealdelen viser ei mindre utviding i høve til hamna slik denne er i dag. Dette vart gjort for å ta i vare eventuell behov for utviding i planperioden. I diskusjonen rundt industriområdet på Nautneset i denne revisjonen er det lagt til grunn at Nautneset industriområde er det einaste industriområdet i kommunen med djupvasskailbod. For komande planperiode er det tenkt at ei utviding av industriområdet er aktuell, og det området som i dag er småbåthamn er føresetta omdisponert til industriområde. Flyttinga av småbåthamna til sør for Stornautneset (Varhaugvika) er gjort får å få avstand mellom industriaktivitet og fritidsaktivitet. Dersom det i framtida skulle bli aktuelt med vidare utviding av industriområdet, vil utviding i sjøområda mot Stornautneset vere aktuelt. Det ville då vere uheldig om ei slik utviding skulle krevje ny flytting av småbåthamna. Rådmannen er klar over at vertilhøva er meir utfordrande her enn i Halsabukta. Ein har likevel kome til at kostnadane med sikring av ei slik framtidig hamn vil vere mindre enn å skulle flytte ei heil hamn med ulike installasjonar og etablert infrastruktur. Rådmannen kan ikkje rå til at merknaden blir imøtekommen.*


### **Oddvar Hoksnes**

Oddvar Hoksnes har meldt interesse for bustadtømter i Juvika på gnr 10 bnr 8 med epost den 04.05.16.

*Kommentar*

*Følgande svar vart gjeve:*

*«Grunnen til at du ikkje finn kommentar til innspelet ditt er at det alt er tatt i vare i det forslaget til*







arealdelen vart lagt ut til 1. høyring. Området der du meldte interesse for bustadbygging er sett av til LNFS - område, dvs. landbruks- natur- og friområde der det er tillatt med spreidd bustadbygging i planperioden. Ditt innspel går inn i område LNFS 3. Etter føresegnene er det forslag om at det i LNFS 1, 2 og 3 til saman kan byggast 4 - 5 bustader, sjå føresegnene §10. 2. Hus som blir bygde etter §10.2 treng berre vanleg byggeløyve, ikkje krav om regulering.» Innspelet er i det store og heile imøtekome.

### Gyrid Gylset

I merknaden frå Gylset står følgjande: «Det er arealer mellom H9 og 100 meters grense fra sjøen som er meir aktuelle for fritidsboliger. Små Sund høyden mot Horrem bør dog skjermes slik at ikke bebyggelse blir synlig fra Horrem. Areal bør avsettes til kyststi og til felles grøntområde. Det er ikke i min interesse med omfattende bebyggelse, heller få enheter og mer åpent areal.

#### Kommentar

Innspelet gjeld areala ved og nord for Små Sundet, vest på Gossen, vist som hytteområde (H9). Tidlegare arealdel har sett av areal til hytteområde her. Det vart starta ein privat reguleringsprosess for området, men denne stoppa opp på grunn av motsegn (for kraftig utnytting av området og for nært sjøen). Noverande planforslag tek framleis i vare areal til hyttebygging, men langt meir ekstensivt og inkluderer også areala til Gyrid Gylset. Arealdelen har no lagt inn ei fleksibel strandlinje. På Gylset sin eigedom er plasseringa av hyttetomter tilpassa ny strandsone og at hyttene skal underordna seg i landskapet. Detaljer i form av hytteplassering må skje i ein reguleringsprosess. Planavdelinga har samtala med Gylset om ønska hennar i planprosessen. Merknaden i høve plassering av hyttetomter i strandsona er ikkje imøtekomen.

### Oliver Eidskrem

Oliver Eidskrem har fleire innspel til arealdelen i noko spreidd orden i høve til høyringsfristen. Essensen i merknadane gjeld høve for bustadbygging (B1 og B2) i det området han eig i Saltrøa på Eidskrem i Julsundet. Arealdelen viser bustadbygging på B1 og B2, med eit innslag av eit grøntdrag mellom felta. Eidskrem ønsker at heile arealet blir lagt ut til bustadføre mål. Ein moegeleg kjøpar har understreka at dette er ønskeleg.

#### Kommentar

Eidskrem vart med bakgrunn i samtalar bedt om kommentar til løysinga for bustadbygging i Saltrøa (slik denne vart presentert i høyringa) i god tid før saka var gjort ferdig til formannskapet for 2. høyring. Melding om at han ikkje godtok grøntdraget kom få dagar før formannskapsmøtet, og det var då uråd å gjere om på plan og kart. Følgjande forslag til løysing vart sendt på epost frå plansjefen den 16.06.16: «Når det gjeld utnytting av arealet ditt i Saltrøa er det eit krav om detaljplanlegging. Om planområdet for ein seinare reguleringsplan skulle omfatte heile eigedomen din, er dette heilt i orden. Kommuneplanen sin arealbruk er førande for reguleringsplanen, men planlegger står fritt til å føreslå utnytting av areala etter konsekvensutgreiing og argumentasjon elles.» Ei endring av plankartet i samsvar med Oliver Eidskrem sitt ønske vil krevje ny høyring. Dette kan rådmannen ikkje tilrå. Løysinga på problemet kan løysast som skissert i svaret frå plansjefen.

### Reidun og Paul Kristian Huse

Arkitektkontoret BBW har sendt merknad på vegne av Reidun og Paul Kristian Huse der det, som ved første høyring, blir understreka at deira eigedom på Aukrasanden er ønska sett av til bustadføre mål.

#### Kommentar

Innspelet er stort sett det same som ved første høyring. Svaret som vart gjeve då, at endringa til bustadtomter må gjerast gjennom ei reguleringsendring, står framleis ved lag. Merknaden til første høyring var denne:



«Gjeldande arealbruk er slått fast i reguleringsplan for Aukrasanden og stadfesta i gjeldande arealdel (2006). I 1. høyringsforslag til arealdelen har det aktuelle området føremålet: Fritids- og turistføremål. Dette området har same avgrensing som i gjeldande reguleringsplan. Her er føremålet namnsett til: Herberge og bevertningssted. I komande kartframstilling blir det gjort ei endring i presentasjonen av reguleringsplanane som framleis skal gjelde. Dei bli viste med ei plangrense og ei kvit flate for å markere at reguleringsplanen framleis skal gjelde. Den endringa i føremål som Huse ønsker (punkt 1 ovanfor), må gjerast gjennom ei reguleringsendring. «Hensyn friluftsliv» (punkt 2) er det same som omsynssone H530, strandsone. Grensa for strandsona er justert som ønska - etter same prinsipp som elles for gjeldande arealbruk på eigedomar i denne reguleringsplanen.»

### Eldbjørg og Sverre Dyrhaug

Følgjande merkad er mottatt:

«Som utgangspunkt viser jeg til merknad av 14.08.2015 som ble fremmet til tidligere planforslag. Jeg legger til grunn at den tidligere merknad med tillegg av merknaden nedenfor blir vurdert på vanlig måte ved den videre behandling i kommunen. For å sikre en forsvarlig behandling er det viktig at den tidligere merknad blir tatt opp til fornyet vurdering fra kommunens side, dette selv om merknaden er kommentert tidligere.

I kommunens kommentar til tidligere merknad heter bl. a. følgende: "Utbygger er tydeleg på at B11 må vere med for at det samla skal bli økonomi til å bere dei omfattande infrastrukturkostnadane bygginga i Matberget vil medføre." Jeg har bedt kommunen dokumentere at utbygger har gitt en slik opplysning og i mail av 16.08 sier kommunen at opplysningen er gitt i møte med kommunen. På videre forespørsel oversender kommunen et møtereferat som ikke dokumenterer opplysningen. Etter ny henvendelse til kommunen viser plansjefen i mail av 18.08 til at påstanden ikke går frem av Asplans møtereferat, men at temaet likevel var fremme i møte. Videre skriver plansjefen: "Det ligg ikkje kalkyler bak påstanden anna ei rimelighetsvurdering over at det er mange meter veg som skal dekkast inn av bustadbygginga og ei mogeleg lønsemd i eit utbyggingsprosjekt." Her konstaterer jeg at kommunen går over til en egen selvstendig rimelighetsvurdering, dette så lenge som tydeligvis en påstand som det er lagt vekt på ved interesseavveiningen ikke kan dokumenteres. En slik saksbehandling er ikke tilfredsstillende.

Uten at spørsmålet synes å være drøftet i kommuneplanen viser planforslaget en mulig ny adkomstløsning for eiendommene 17/2, 17/3 og 17/4. En eventuell veg over B10 mot nord/nordvest må kunne antas også å gi en adkomst for B11. Så lenge det er knyttet åpenbare offentlige interesser til en eventuell omlegging av tilkomstløsning for nevnte eiendommer vil det være helt rimelig at kommunen bidrar økonomisk. Eierne av disse eiendommer har ikke bedt om å få en endret løsning, samtidig ser en behovet fra kommunens side for på lengre sikt å få en mer tjenlige utvikling av skoleområdet. Det er ikke saklig grunn til at utbygger gjennom utbyggingsprosjektet skal dekke inn slike omleggingskostnader. Som en del av kommunens begrunnelse for ikke å ta hensyn til vår merknad er det videre vist til følgende: "Medverknad frå bustadbygginga i Matberget kan vere avgjerande for å kunne forsvare kostnadane med nytt kryss ved gamle Fanghol skule. Dette krysset er i sin tur grunnlaget for anna bustadbygging i området (Svingen og fortetting på strekninga Hollingbukta -Fanghol). Utviklinga av området sett under eitt, forsvarer at B11 blir med som framtidig bustadområde." Jeg mener at en kan-mulighet ("kan være avgjerande") ikke er tilstrekkelig som begrunnelse i denne sammenheng. Først må det avklares om en økonomisk medvirkning er nødvendig og deretter hvilket omfang en medvirkning har. Det må understrekes at allerede nå gir omtalte kryss



en helt utilfredsstillende trafikk sikkerhetsmessig situasjon. Dette har vært slik i mange år og på denne bakgrunn mener jeg at det offentlige må ta det helt vesentlige økonomiske ansvar for en utbedring. Når det offentlige bidrag er avklart får en komme tilbake til eventuell medvirkning fra aktuelle utbyggere på begge sider av fylkesvegen. Ved den videre behandling må kommunen klargjøre hva som ligger i "Utviklinga i området sett under eitt - -". Hvis dette går på økonomisk medvirkning er slik medvirkning helt uavklart og kan ikke brukes som argument overfor innholdet i vår merknad. Det må også påpekes at arealet på B11 er på 4050 kvm mens arealet av B10,

B12 og B13 er tilsammen på 38 610 kvm. Område B11 utgjør således bare en mindre del av det totale utbyggingsareal på eiendommen 17/1. Videre må det kunne antas at på grunn av terrengforholdene vil infrastrukturkostnader for område B11 bli klart større enn for de øvrige delområdene. Dette kan skape behov for en forholdsvis høy utnyttelsesgrad i område B11, noe som vil være klart i strid med de forhold som vår merknad er grunnlagt med.

Etter dette ber jeg om at område B 11 blir tatt ut av planen.

Denne merknaden sendes på vegne av Eldbjørg og Sverre Dyrhaug eiere av 17/2

Med hilsen

Sverre Dyrhaug»

#### *Kommentar*

*Merknaden frå Dyrhaug til første høyring var at bustadfeltet B11, som vil grense inn til deira eigedom, vil bli strekt eksponert i landskapet. Vidare er det mogeleg at feltet får konsentert utnytting. Ei tenkt utbygging i dette omfanget vil føre til ein vesentleg reduksjon av bukvalitet / -verdi for gbn 17/2. Konklusjonen frå Dyrhaug var å ta B11 ut or planen. Han ønsker at dette innspelet blir tatt med til fornya vurdering saman med høyringssvaret til 2. høyring.*

*Dyrhaug drøfter i høyringssvaret til 2. høyring om kommunen har sakleg grunnlag for å lande på konklusjonen om at B11 er viktig for det totale bustadbyggingsprosjektet på Matberget og i nærområdet elles. Det er ikkje lagt fram dokumenterbare utsagn frå utbyggjar om dette. Vidare blir det sådd tvil om kommunen sitt resonnement om å samle tiltak for å få gjennomført omlegging av krysset ved gamle Fanghol skule. B11 har i denne samanhengen lite å seie då potensielt utbygd areal er 4050 m<sup>2</sup> mot 38610 m<sup>2</sup> samla for B10, B12 og B13. Økonomien for å kunne gjennomføre kryssløysinga kan ikkje baserast så mykje på utbygginga i Matberget som kommunen synest å meine. Denne vil vere avhengig av eit betydeleg kommunalt / offentleg engasjement i tillegg til deltaking frå private intressentar. Dermed er avhengigheten av B11 endå svakare.*

*Dyrhaug synest å legge til grunn eit større detaljnivå som bakgrunn for arealdisponeringa enn det som er vanleg å legge til grunn for kommuneplannivået. For kommuneplannivået er det avgjerande å ha gjort dei overordna avklaringane i høve til blant anna infrastruktur og val av arealbruk. Seinare detaljplanar skal klargjere om vidare utbygging let seg gjennomføre, og detaljane i konkrete planløyningar kjem fram då. I dette tilfellet har vi ein privat utbyggjar som på noverande tidspunkt, meiner at utbygging av Matberget er gjennomførbar dersom ein finn ei løysing med nok utbyggingsareal til fordeling av kostnadane med kryssløyningar og vegbygging. Den same vurderinga er gjeldande for reguleringsplan for Svingen, vest for fylkesvegen ved Fanghol skule som er avhengig av den same kryssløysinga. Det er verd å merke seg at det opphavelige utbyggingsalternativet for Matberget, som vart presentert ved planstart, er mykje redusert (i samarbeid med tiltakshaver) i noverande planforslag. Det er kommunen si oppgåve å legge til rette for utbygging gjennom arealdelen til kommuneplanen. Arealdisponeringa som arealdelen viser, er vidare kommunestyret sitt ønske til arealdisponering, gjennomføringa blir seinare eit spørsmål om kommunal og / eller privat proiritering*



og finansiering. Kommunen sitt argument om: «"Utviklinga i området sett under eitt - - -" er høgst relevant. Merknaden er ikkje tatt til følgje.

### Terje Gjendem

Terje Gjendem er eigar av gbn 16/3 som grenser inn til skuletomta for Julsundet skule og gamle Fanghol skule. Han viser til at dei tidlegare har presisert at dei ikkje ønsker at nokon del av eigedomen deira blir berørt av utbygginga i Matberget. Ei stor utbygging i Matberget krev ei ny vegløyving. Denne blir etterlyst.

#### Kommentar

*Det er laga ei samla løysing for bustadbygging i Matberget og ny vegtilførsel dit. Ingen del av gbn 16/3 blir berørt av bustadbygginga som er planlagt i Matberget. I den sørlegaste delen av eigedomen, grensande inn mot eksisterande bustader rundt Fangholvegen, blir ein liten trekant av eigedomen berørt av planlagt vegtilførsel til bustadfeltet i Matberget. Vegtilførsel er forsøkt lagt slik at minst mogleg av gbn 16/3 skulle berørast. Plasseringa er det dessverre ikkje råd å kome utanom. Den gamle gardsvegen til gbn 16/3 er oppretthalden. Merknaden er delvis teken til følgje.*

### Ingvar Arnason

Ingvar Arnason er innflytter til Aukra frå Island. Han har kjøpt bustadtomta Holemarka 1 på Aukrasanden. Merknaden er skriven på engelsk og er å finne som vedlegg i saka. Hovudinnhaldet i merknaden er at han ønsker ein annan arealkategori på dei delane av eigedomen som er lagt ut til leikeplass i reguleringsplanen for Aukrasanden. Det er ønske om endring frå leikeplass til bustadområde. Han har tatt utgangspunkt i konsekvensvurderinga og har kritiske merknader til argumentasjonen her.

#### Kommentar

*Ønsket om omgjering av bruksføremål er kjent for kommunen gjennom tidlagare byggsakhandsaming der svaret har vore at endring kan skje gjennom ein dispensasjonssøknad eller gjennom ei reguleringsendring. Dispensasjon har kommunen ikkje tilrådd då dette kan få konsekvensar for alle eigedomane i området som har innregulert restriksjonar på arealbruken, dei fleste i form av friområde i strandsona. Kravet om endring høyrer heime i ei reguleringsendring, altså på detaljplannivå og ikkje i ein overordna plan som arealdelen til kommuneplanen. Merknaden er ikkje teken til følgje.*

### Erna og Geir Varhaugvik

Det er tre merknader knytt til eigedomen deira gbn 13/39. Den eine er knytt ein utmarksteig i Bakkemyra nord for Falkhytten (teig 1). Her ønsker ein å få teigen avsett til råstoffutvinning (grus og sand). Teig 2 grensar mot Nerbøvågen i nord og Bakkemyra i vest. På denne teigen er det vist ein vegtrase i retning mot Nautneset industriområde som ny vegutløyving for industriområdet. Vegtraseen deler opp teigen på ein uheldig måte, og ein ønsker heller å nytte han til bustadføremål. Teig nr 3 grensar til Nautnesvegen i nord og til Varhaugvika i sør. Den planlagde småbåthamna og naustområdet i strandsona deira legg store begrensningar på utnyttinga av eigedomen. Konsekvensutgreiinga for småbåthamna framstiller det som om det ikkje er lokal usemje om plasseringa. Dette er feil, og temaet er grunnlaget for ønsket om eit møte om saka. Dersom det offentlege skal tileigne seg strand- og sjøareal, krev dei innløyving av eigedomen eller løyve til å nytte resten av parsellen til bustadbygging. Strandsonevernet, som dekker nesten heile teigen, verkar ulogisk når ein alt har opna for naustområdet og småbåthamn utanfor. Varhaugvik krev at strandsona blir innskrenka. Grunneigar bad kommunen om eit møte medio oktober der ein ønska å få drøfte planforslaget. Møtet vart halde den 27.10.16. Grunneigar møtte med assistanse frå arkitektkontoret BBW i Molde. Kommunen mottok merknad frå BBW 10.11.16. der ein ønsker småbåthamna flytta austover i bukta til kommunen sin eigedom gbn 13/9 som er regulert til hotellføremål. Merknaden inneheld også forslag til ny utstrekning av strandsona.



### Kommentar

Høyringsfristen for tilbakemelding var sett til 22.08.16. Varhaugvik sendte merknad innan fristen og denne inneheldt også eit ønske om å få drøfte planforslaget med kommunen sin administrasjon. Dette møtet kom i stand 27.10.16. Følgjande tilbakemelding vart gjeven i møtet med grunneigar den 27.10.16 og er både kommentar til merknaden som kom innan høyringsfristen gjekk ut, og til tilsendt merknad etter nemnde møte:

Det er uryddig sakshandsaming å ta inn eventuelle endringar (som flytting av småbåthamna) så lang tid etter at 2. høyringsfrist gjekk ut. Ei slik endring vil krevje ny høyring av planen. Dette ligg til formannskapet å avgjere.

Etablering av råstoffutvinning på teigen i Bakkemyra vart ikkje med som tiltak då arealdelen vart utarbeidd og lagt fram til første høyring fordi konsekvensvurderinga var negativ på fleire fagfelt. Det same var tilfelle med omsyn til konsekvensvurderinga for bustadbygginga på teigen ved Nerbøvågen. Det er ikkje kome fram nye moment ved denne høyringa som endrar på tidlegare standpunkt om ikkje å ta inn framlegga som ny arealbruk. Teig 3 ligg i landbruk-, natur og friområde (LNF) og inneheld brukssenteret på garden og utgjør for det meste dyrka jord. Området ligg utanfor det området som i denne planen er definert som sentrumsområde på Falkhytten med tilhøyrande nye areal til bustadbygging. Fylkesmannen har signalisert eit sterkt jordvern. Bustadareal i sentrumsområdet på dyrka mark er berre akseptert i sentrumsområdet og då i høve til eit estimert behov for nye bustader. Det er ikkje ønskeleg i denne planperioden å legge ut eit frittstående bustadfelt her. I høyringsforslaget er strandsona strekt langt innover teigen. Denne føreslår rådmannen redusert til ei smalare sone innafor naustområdet. Endringa har ikkje vore på høyring, men lufta med Fylkesmannen i Møre og Romsdal over telefon. Fylkesmannen melder at ein der ikkje har merknad dersom kommunen reduserer strandsona ned til 100 meter frå sjøen. (Stadfesta i epost datert 07.11.16). Dette er no gjort. Merknaden om feil i konsekvensutgreiinga er retta. Flytting av småbåthamna austover til kommunen sin eigedom på gbn 13/9 (Reguleringsplan Aukra Fjordhotell, planid: 200901) er ei endring som vil medføre ny høyring. Flyttinga inkluderer eit område som alt i dag er lagt ut til småbåthamn i reguleringsplanen. Planfagleg gjev flyttinga ikkje den kapasiteten ei slik småbåthamn må ha med omsyn til den kapasiteten Nautneset småbåthamn har i dag og med omsyn til ei rimeleg kapasitetsauke. Rådmannen kan ikkje tilrå ei slik flytting. Merknaden er noko imøtekomen ved at strandsona er redusert på teig 3.


## 22 Administrative og økonomiske konsekvensar:

Ingrid Husøy Rimstad  
Rådmann

Kjell Lode  
Plansjef

Rett utskrift 08.02.17

Anita Raknes Otterlei  
Formannskapssekr.





## 9.2 Sak 37/17, 25.04.2017, Justeringar i plandokument etter vedtak i kommunestyret

### Melding om vedteken plan - Kommuneplanen sin arealdel 2016 - 2028

#### 23 Rådmannen si tilråding:

1. Aukra kommunestyre tek dei redaksjonelle justeringane i kart, konsekvensvurdering og føresegner til vitande.
2. Aukar kommunestyre vedtek følgjande retningslinje til føresegnene § 1.1:  
Alt utbyggingsareal som ikkje er teke i bruk til føremålet sitt, er å rekne som «framtidig utbyggingsområde» med krav til detaljplan, uavhengig av fargekode og fargestyrke i plankartet (eksisterande eller nytt arealformål). Byggesaker knytt til eksisterande bygningar i slike område løyser ikkje ut plankrav så sant byggsaka er i samsvar med planformålet.

#### 24 Saksprotokoll i Formannskapet - 03.04.2017

#### 25 Behandling

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

#### 26 Innstilling frå formannskapet:

Som tilrådinga frå rådmannen


#### 27 Saksprotokoll i Kommunestyret - 25.04.2017

#### 28 Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

#### 29 Vedtak

1. Aukra kommunestyre tek dei redaksjonelle justeringane i kart, konsekvensvurdering og føresegner til vitande.
2. Aukar kommunestyre vedtek følgjande retningslinje til føresegnene § 1.1:  
Alt utbyggingsareal som ikkje er teke i bruk til føremålet sitt, er å rekne som «framtidig utbyggingsområde» med krav til detaljplan, uavhengig av fargekode og fargestyrke i plankartet (eksisterande eller nytt arealformål). Byggesaker knytt til eksisterande bygningar i slike område løyser ikkje ut plankrav så sant byggsaka er i samsvar med planformålet.



**Særutskrift:****30 Bakgrunn:**

Kommunestyret godkjente den 07.02.17 i K-sak 12/17 kommuneplanen sin arealdel 2016 – 2028. Denne saka er ei melding til kommunestyret om redaksjonsmessige endringar gjort før saka vart meldt ferdig for statlege organ og andre i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15.

**31 Utgreiing:**

Følgjande justeringar er gjennomført:

- Retting av plankart, der småbåthamna, SB 5, i Varhaugvika er tatt ut i samsvar med punkt 3 i kommunestyret sitt vedtak (K-sak 12/17).
- Kontroll og retting av konsekvensutgreiinga slik at nummereringa i oversiktstabellen over vurderte innspel samsvarer med dei einstilte utgreidde innspela.
- Føresegnene, §§ 3.2, b); 5.2 og 11.2 omhandler alle vassdrag og kor nær vassdrag tiltak kan oppførast. I §§ 3.2, b) og 5.2 er avstandane sett til 20 meter til kvar side av midtlinja av vassdraget, totalt 40 meter. § 11.2 seier 10 meter til kvar side. Den siste oppføringa er ei tidleg oppføring som ikkje har vorte retta då kravet etter dei to første ledda vart innførte. § 11.2 er difor retta i til same avstandar som i §§ 3.2, b) og 5.2.
- Justering av føresegnene i § 10.2. Områda for landbruk, natur- og friluftsføremål med løyve til spreidd busetnad (LNFS), områda LNFS 5 og LNFS 6, vart fjerna frå plankartet etter motsegn i samband med 1. høyring. Områda vart ikkje fjerna frå kartet på dette tidspunktet. Dette er no gjort, og ny nummerering av LNFS – områda er gjennomført.
- Plankartet med alle arealbruksoppføringar (til dømes område for bustadbygging, B1; offentleg føremål, O1) er kontrollerte og tildelt nemning.

Rådmannen har oppdaga at det kan bli tolkingsproblem omkring føresegnene § 1.1 Byggeområde. Føresegna viser til at «framtidige utbyggingsføremål» må detaljplanleggast gjennom ein reguleringsplan før utbygging kan skje. Omgrepet «framtidige utbyggingsføremål» kan forvekslast med omgrepet «Nytt arealformål» i «Nasjonal produktspesifikasjon for digitalt planregister, spesifikasjon for tegneregler, kommuneplanens arealdel» (Kommunal- og regionaldepartementet). «Nytt arealformål», og «Eksisterande arealformål», er knytte til fargekoden som kommuneplankartet bruker for å vise kvar ulike utbyggingstiltak skal kunne setjast i verk. Omgrapa skil mellom areal som er nye for planen og areal som er videreført frå tidlegare plan utan å ha blitt detaljplanlagt før. «Nytt arealformål» har ein sterk farge, til dømes raud farge for offentleg areal. Offentleg areal, som «Eksisterande arealformål», har same raudfargen, men denne er svakare / dusare. Her fungerer fargekodane (nytt og eksisterande) som teiknforklaring til kartet.

For framtidig byggsakbehandling er det viktig å skilje mellom fargekodane som teiknforklaring i kartet og statusen til utbyggingsareala, om dei er tekne i bruk til førmålet dei er reservert for, eller ikkje. Areal som ikkje er teke i bruk til førmålet, er «framtidig utbyggingsområde», jamfør føresegna, anten fargen i kartet er sterk eller dus. Dermed slår plankravet inn for slike areal; jamvel om det berre er ønske om å realisere ein mindre del av planformålet. Innafor «Nytt arealformål» eller «Eksisterande arealformål» kan det ligge bygningar som i bruk samsvarer med arealformålet, og som vil bli ein del av ein framtidig plan når planlegging blir sett i verk. Eksisterande bruk av bygningen har rett til å halde fram til han eventuelt blir avløyst av ein ny





plan. I byggsakbehandling betyr dette at til dømes utviding, ombygging, fasadeendring m.m. for bygget kan skje utan at dette løyser ut plankravet.

Rådmannen søker kommunestyret om tilsutning til den tolkinga som er gjort ovanfor, for praktisering i plan- og byggsakbehandling gjennom ei retningslinje knytt til føresegna §1.1.

Justeringane ovanfor er sjekka med fylkesmannen / fylkeskommunen, og dei ligg innfor det kommunen har rett til å gjere sjølv utan meir høyring eller melding til overordna mynde.

**32**

**33 Administrative konsekvensar:**

Innføring av følgjande retningslinje til §1.1: Alt utbyggingsareal som ikkje er teke i bruk til føremålet sitt, er å rekne som «framtidig utbyggingsområde» med krav til detaljplan, uavhengig av fargekode og fargestyrke i plankartet. Byggesaker knytt til eksisterande bygningar løyser ikkje ut plankrav.

**34 Økonomiske konsekvensar:**

Ingen.

Ingrid Husøy Rimstad  
Rådmann

Kjell Lode  
Plansjef

Rett utskrift 26.04.17

Anita Raknes Otterlei  
Formannskapssekr.

